



VAKSDAL KOMMUNE

# Folkehelseoversyn 2024



## Innhold

Folkehelse.....	3
Folkehelseoversyn.....	4
A) Befolkningssamansetjing.....	7
Befolkninga i Vaksdal.....	8
Befolkningsframskrivingar.....	10
B) Oppvekst- og levekår.....	12
Økonomi og helse.....	13
Born og unge.....	17
Tverrfaglege tenester for born og unge.....	19
C) Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø.....	24
Fysisk, biologisk og kjemisk miljø.....	25
Sosialt miljø.....	28
Kultur og idrett.....	29
Nærmiljøet.....	31
Valdeltaking.....	32
Kjønnslikestilling.....	32
D) Skadar og ulukker.....	34
Personskadar behandla i sjukehus.....	35
Arbeidsulukker.....	35
Trafikkulukker.....	35
E) Helserelatert åtferd.....	37
Aktivitet, rusmiddel og risikoåtferd.....	38
F) Helsetilstand.....	41
Nokre diagnosar som krev oppfølging.....	42
Kjelder.....	47
Vedlegg 1.....	48

## Folkehelse

Folkehelse vert definert som befolkninga si helsetilstand og korleis helsa fordelar seg i ein befolkning. Helse vert skapt innanfor rammene av kvardagslivet til folk; i nærmiljøet der folk bur, arbeidar, går på skule, leikar og driv fritidsaktivitetar.

God helse er FN sitt berekraftsmål nummer 3. Mange forhold påverkar folkehelsa, og folkehelsearbeid har nesten ingen grensar. Difor går folkehelse igjen i ei rekkje andre berekraftsmål. Til dømes må innbyggjarane ha god tillit til samfunnet og kvarandre, ha tilgang til arbeid, utdanning og gode nærmiljø, at dei føler dei høyrer til og opplev tryggleik. Arbeidet med å betra folkehelsa er difor ikkje berre helseetaten sitt ansvar, men noko som alle etatar kan og skal leggja til rette for.


### SOSIAL ULIKSKAP I HELSE

Helsedirektoratet skriv i sin rettleiar («God oversikt») at helseskilnader varierer systematisk langs sosiale dimensjonar. For kvart steg ein tek oppover den sosioøkonomiske stigen, di betre helse. Helseskilnader er eit produkt av ulikskap i ressursar, levekår og mogelegheiter, og skilnadane vert skapt i oppvekstmiljø, arbeidsliv, fritid og liknande. Dei mest effektive tiltaka mot sosial ulikskap rettar seg mot heile befolkninga, i form av tiltak som bidreg til sosial utjamning. Dette bør bli kombinert med meir målretta tiltak overfor dei mest utsette gruppene.

I folkehelseoversikta for Vestland 2023 – 2027 vert sosial ulikskap i helse skildra som den største folkehelseutfordringa i Vestland.

Folkehelselova skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar helsa til innbyggjarane, og har fem grunnleggjande prinsipp for folkehelsearbeidet:

Utjamning, helse i alt me gjer, berekraftig utvikling, føre var prinsipp, og medverknad



FIGUR 1: FAKTORAR SOM PÅVERKAR HELSA, (DAHLGREN OG WHITEHEAD, 1991).

## Folkehelseoversyn

Alle kommunar skal ha eit folkehelseoversyn. Dokumentet gjev eit oversyn over innbyggjarane i Vaksdal sin helsetilstand og faktorar som påverkar denne. Føremålet med folkehelseoversynet er å gjera folkehelsearbeidet i kommunen meir treffsikkert, slik at kommunen kan rette innsatsen mot dei faktiske utfordringane og bruke ressursane på best mogleg måte. Folkehelseoversynet er ikkje ein plan, og inneheldt difor ikkje tiltak eller løysingar. Oversynet skal vera grunnlag for planarbeid og utvikling i kommunen, som til dømes kommunal planstrategi.

### PROSESS I ARBEIDET MED FOLKEHELSEOVERSYN 2024

I arbeidet med folkehelseoversyn 2024 er det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå samfunnsutvikling, helse- og omsorg og oppvekst. For å finne stoda i Vaksdal kommune er det henta inn data for alle indikatorane som vert skildra i rettleiarane «God oversikt» frå Helsedirektoratet. Data vart samla i eit kunnskapsgrunnlag med om lag 80 indikatorar. Tal og statistikkar er henta frå SSB, Helsedirektoratet, Ungdata, NAV, Folkehelseinstituttet m.fl. i 2023 og 2024. I tillegg er det henta inn data frå nokre av dei små tenestene i kommunen. Rettleiaren «Systematisk folkehelsearbeid» frå Helsedirektoratet er òg nytta.

Data er samanlikna vekselvis med snittet for Noreg og Vestland, og kommunane Osterøy, Kvam og Høyanger. Val av kommunar som ein vert samanlikna med, er gjort ut frå demografi og geografi.

Etter innhenting av rådata har arbeidsgruppa gått gjennom og kvalitetssikra dei ulike statistikkane, både i forhold til relevans og til kvaliteten på data.

Indikatorane vart lagt fram for leiargruppa i kommunen og Levekårsutvalet for å få innspel til vidare prioritering av indikatorar som bør vera med i folkehelseoversynet. Levekårsutvalet, som er saksutval for feltet, har gjeve følgjande innspel til vidare prioritering av indikatorar som bør vera med i folkehelseoversynet:

- Møteplassar for ungdom
- Einsemd og utanforskap
- Aktivitetar og fellestilbod
- Psykisk helse
- Barnefamiliar
- Samhald og mobbing
- Flyktningar og innvandrarar/ integrering
- Arbeidsinkludering
- Like moglegheiter for alle til samfunnsdeltaking
- Fokus på realfaga i skulen

Arbeidsgruppa har revidert folkehelseoversyn for 2020, og innarbeidd og belyst innspela frå Levekårsutvalet så langt det har latt seg gjera.



### VAKSDAL KOMMUNE

Vaksdal kommune ligg sentralt mellom Voss og Bergen, og både E16 og jernbanen mellom Oslo og Bergen går gjennom store delar av kommunen. Arealet på 738 km<sup>2</sup> rommar både høge fjell og frodig fjordlandskap.

Ein stor del av innbyggjarane bur i tettstadane Dale, Vaksdal og Stanghelle, medan resten bur i mindre grender som Stamnes og Eidsland langs fjorden, eller meir landleg som i Eksingedalen og Bergsdalen.

Vaksdal kommune har lenge vore i overgangsfasen frå industrikommune til å bli ein pendlarkommune. Framleis er mølleanlegget ei hjørnesteinsverksemd i bygda Vaksdal, medan tekstilindustrien på Dale har blitt kraftig redusert. Næringslivet har vore gjennom fleire periodar med omstilling og nedbemanning, og stadig fleire pendlar ut av kommunen for å finna arbeid.

Folketalet har vore synkande sidan midten av 1960-talet, og ved utgangen av 2023 talde kommunen 3852 innbyggjarar.

I 2023 opna kommunen ny skule på Vaksdal. På Dale opna ein våren 2020 nye Dale skule som òg har symjebasseng, bibliotek og kultursal. I tillegg er det skule på Stanghelle, oppvesttun i Eksingedalen og på Stamnes. Barnehagar finn ein på Dale, Stanghelle og Vaksdal, der dei to sistnemnte har barnehagebygg frå 2014. Det er sjukeheim på Dale og Vaksdal. Nytt helse- og omsorgsbygg på Vaksdal vil bli opna i 2024.

Vaksdal kommune sin [samfunnsdel av kommuneplanen](#) har fem satsingsområde med mål og strategiar for korleis kommunen skal vere i 2035, og korleis me skal få det til. Samfunnsdelen inneheldt mange viktige element og mål knytt til folkehelsa, særskild satsingsområda «attraktivitet og trivsel» og «born og unge». Berekraft og folkehelse er overordna og gjennomgåande tema i planen.

### FOLKEHELSEPROFILEN

Folkehelseinstituttet lagar og offentleggjer folkehelseprofilar for kommunane, der det samanliknar ei rekkje helseindikatorar. Årlege [folkehelseprofilar](#) syner både positive sider og kva utfordringar kommunen har. Profilane er ikkje ein fasit, men tar ei måling på folkehelsa. Profilen i 2023 har temaet «bumiljø» og syner blant anna:

Positive faktorar:

- Godt drikkevatt
- God luftkvalitet
- Lågare del innbyggjarar med psykiske symptom/lidingar enn landet elles

Negative faktorar:

- Fleire elevar på lågare meistringsnivå i lesing for 5.trinn
- Fleire elevar på lågaste meistringsnivå i rekning for 5. trinn
- Færre ungdomar er nøgd med treffstadar enn landet elles
- Auka utskrivning av reseptar/bruk av antibiotika

## TEMA I FOLKEHELSEOVERSYNET

Folkehelseoversyn for Vaksdal kommune 2024 følger *Forskrift om oversikt over folkehelsen* § 3 si inndeling i tema:

- A) befolkningssamansetjing
- B) oppvekst- og levekårsforhold
- C) fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- D) skader og ulukker
- E) helserelatert åtferd
- F) helsetilstand

Vidare vil ein gå djupare inn i kvart tema og sjå stoda i Vaksdal kommune.

## A) Befolkningssamansetjing

*Kven er innbyggjarane våre? Kven er dei, kvar kjem dei frå, kor gamle er dei, og kva utdanning har dei? Dette er viktig bakgrunnsinformasjon som har verknad på strategiske vegval i kommunen.*



## Befolkninga i Vaksdal

Ved utgangen av 2023 hadde Vaksdal kommune 3 852 innbyggjarar. Frå 2000 til 2023 har folketalet gått ned med 340 personar.

**TABELL 1: FOLKETAL, SSB:01222**

	2000	2005	2010	2015	2020	2023
Vaksdal	4192	4154	4107	4096	3977	3852

Folketalet i Vaksdal kommune har halde seg stabilt i perioden 2008- 2018, mellom år 2019 og 2021 gjekk folketalet ned, og i 2022 var det ei auke på 8 personar. Periodane med stabilitet, nedgang og folketalsauke kan særskild bli knytt til innvandring. I perioden med størst nedgang i folketal var òg perioden Vaksdal kommune tok inn færre innvandrarar. I 2022 tok kommunen inn fleire innvandrarar og folketalet gjekk opp. Innvandring har bidrege til å avgrensa folketalsnedgangen som har vore i 2023. Dei siste fire åra har det òg vore fødselsunderskot, og større andel utflytting enn innflytting.

**TABELL 2: SAMANSETJING AV FOLKEVEKSTEN, SSB:01222**

	2020	2021	2022	2023
<b>Folketal ved inngangen av året</b>	<b>3977</b>	<b>3918</b>	<b>3867</b>	<b>3875</b>
Fødde	33	25	31	26
Døde	55	44	54	48
<b>Fødselsoverskot</b>	<b>-22</b>	<b>-19</b>	<b>-23</b>	<b>-22</b>
Innvandring	11	16	48	57
Utvandring	7	5	11	31
Innflytting, innanlandsk	126	130	136	122
Utflytting, innanlandsk	167	175	143	148
<b>Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring</b>	<b>-37</b>	<b>-34</b>	<b>30</b>	<b>0</b>
<b>Folkevekst</b>	<b>-59</b>	<b>-51</b>	<b>8</b>	<b>-23</b>
<b>Folketalet ved utgangen av året</b>	<b>3918</b>	<b>3867</b>	<b>3875</b>	<b>3852</b>

### LEVEALDER

I følge Folkehelseinstituttet sine utrekningar er forventa levealder for kvinner i Vaksdal 83,6 år, og det er om lag det same som snittet i landet på 83,9 år. Forventa levealder for menn i Vaksdal er 78,7 år, medan snittet i landet er 80,1 år. Statistikken syner forventa levealder ved fødsel.

Tala som syner skilnad i forventa levealder mellom to utdanningsgrupper, er for små på kommunenivå til å bli offentleggjort (kommunehelsa statistikkbanken).



## UTDANNING

Tal med grunnskule som høgste fullførte utdanningsnivå er i 2022 28,4 prosent i Vaksdal, mot 23,7 prosent på landsbasis. 44,4 prosent har vidaregåande som høgste utdanning, medan landssnittet er 36,3 prosent. Innbyggjarar som har høgare utdanning, er 23,7 prosent, medan landet har 36,9 prosent.

TABELL 4: UTDANNINGSNIVÅ, SSB:09429

År	Grunnskule		Vidaregåande		Høgare utdanning	
	2018	2022	2018	2022	2018	2022
Landet	25,8	23,7	37,2	36,3	34,1	36,9
<b>Vaksdal</b>	<b>32,3</b>	<b>28,4</b>	<b>43,6</b>	<b>44,4</b>	<b>21,2</b>	<b>23,7</b>
Kvam	22,9	20,3	46,8	45,9	26,5	29,2
Høyanger	26,5	24,1	48,6	49,9	22,5	23,1
Osterøy	30,2	27,7	45,5	45,9	21,2	22,9

Samanliknar ein utdanningsnivåa frå 2018 og 2022 har delen med berre grunnskule i kommunen har gått ned frå 32,3 prosent til 28,4 prosent, delen med berre vidaregåande har gått opp frå 43,6 prosent til 44,4 prosent, og i gruppa med høgare utdanning er det ei auke frå 21,2 prosent til 23,7 prosent.

Samanliknar ein Vaksdal med kommunane Høyanger, Osterøy og Kvam, har Vaksdal fleire med grunnskule som høgaste utdanning og færre med vidaregåande som høgaste utdanning. Vaksdal har fleire med høgare utdanning enn Osterøy og Høyanger. Tala syner at Vaksdal har eit heller lågt utdanningsnivå i kommunen samanlikna med andre kommunar.

## INNBYGGJARAR MED ANNA FØDELAND

I Vaksdal er 12,6 prosent av befolkninga innvandrarak eller norskfødde med innvandrarakforeldre per. 01.12.2023. Det har vore ei auka innvandring dei siste åra. I 2016 var innvandrarak i prosent av befolkninga 8,7 prosent. Det har vore særskild vekst i åra 2015-2017, i samband med flyktingkrisa, og i 2022-2023, i samband med krig i Europa.

TABELL 5: INNVANDRARAR OG NORSKFØDDE MED INNVANDRARBAKGRUNN I PROSENT AV FOLKETALET, SSB:09817

	2019	2020	2021	2022	2023
Landet	17,7	18,2	18,5	18,9	19,9
<b>Vaksdal</b>	<b>11,2</b>	<b>11,2</b>	<b>11,1</b>	<b>11,4</b>	<b>12,6</b>
Høyanger	11,3	10,7	10,6	10,5	11,7
Kvam	11,7	11,7	11,5	11,8	12,2
Osterøy	10,7	10,7	11,1	11,3	12,0

TABELL 6: INNVANDRARAR ETTER

LANDBAKGRUNN, UTVALDE LAND, SSB:09817

	2023
Polen	77
Ukraina	53
Eritrea	51
Syria	46
Litauen	24
Thailand	22
Tyskland	20
Filippinene	19

Per 01.12.2023 var totalt 487 av befolkninga i Vaksdal innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre. Dei fleste kjem frå Europa, men mange kjem og frå Asia og Afrika.

## FAMILIAR I VAKSDAL

Den største familiegruppa i Vaksdal er einpersonefamilie som tel 764. Deretter kjem familiar som er par utan born med 503 familiar. Det er fleire par med store born enn par med små born.

Del born av eineforsytarar i Vaksdal har gått opp til 15 prosent, som er likt med landet. Born av eineforsytarar vert antatt å vera ei potensielt utsett gruppe, både økonomisk og sosialt (iflg. Folkehelseinstituttet). Åleinebuarar ver òg rekna for å vera ei potensielt utsett gruppe, både økonomisk, helsemessig og sosialt.

TABELL 7: FAMILIETYPAR, SSB06083

	2023
Einpersonefamilie	764
Par med små born (yngste born 0-5 år)	135
Par med store born (yngste born 6-17 år)	200
Mor/far med små born (yngste born 0-5 år)	26
Mor/far med store born (yngste born 6-17 år)	67
Par utan born	503
Par med vaksne born (yngste born 18 år og over)	89
Mor/far med vaksne born (yngste born 18 år og over)	53

TABELL 8: BORN AV EINEFORSYTARAR, PROSENT, FHL.NO.

	2015-17	2016-18	2017-19	2018-20	2019-21
Landet	15	15	15	15	15
Høyanger	19	19	20	20	20
Kvam	10	10	10	10	11
Osterøy	13	12	13	13	12
<b>Vaksdal</b>	<b>12</b>	<b>13</b>	<b>13</b>	<b>14</b>	<b>15</b>

Tabellen under syner at barnekulla på skulane i Vaksdal vert mindre. Nedgangen er størst på Vaksdal og Stanghelle. Dersom elevtala fortsett å gå ned må ein tenke nytt, mellom anna knytt til kva ein kan få til av fritidsaktivitetar i bygdene.

TABELL : TAL BORN SOM STARTA SKULEGONG I VAKSDAL, ALLE SKULAR

Kull	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Born	44	41	38	52	54	46	45	24	39	32	28	31	26

## Befolkningsframskrivingar

Framskrivingar om framtidig folketal er basert på ei rekkje usikre faktorar, og inneheld oftast fleire scenario. Befolkningsframskrivinga byggjer på kven som er innbyggjarar i kommunen når framskrivinga vert gjort. Framtidig fruktbarheit, dødelegheit, innanlands flytting, og inn- og utvandring er komponentar som påverkar framskrivingane.

TABELL 9: BEFOLKNINGSFRAMSKRIVING, SSB:13600

	2022	2030	Endring	2045	Endring
Landet	5.425.270	5.658.701	+4,3%	5.967.643	+10%
Vestland	641.292	660.220	+2,95%	689.061	+7,45%
Høyanger	3.965	3.668	-6,99%	3.450	-12,99%
Kvam	8.497	8.268	-2,70%	8.029	-5,51%
Osterøy	8.131	8.260	+1,59%	8.663	+6,54%
<b>Vaksdal</b>	<b>3.867</b>	<b>3.730</b>	<b>-3,54%</b>	<b>3.663</b>	<b>-5,28%</b>

I SSB si framskriving frå 2022 – 2045 kan ein leggja til grunn låg, høg eller middels nasjonal vekst. I middels - alternativet ligg det an til å verta ein nedgang i folketallet på -5,28 prosent, frå 3 867 til 3 663 innbyggjarar.

I same periode vil talet på dei aller eldste (80+) i kommunen auka frå 272 til 467, ifølgje SSB si framskriving. I SSB sitt framskrivingsalternativ «låg vekst» vert folketalet i Vaksdal utrekna til 3 360.

**TABELL 10: ALDERSSAMANSETJING, SSB:13600**

Alder/år	2022	2023	2030	2040	2045
0-5 år	212	203	198	207	204
6-15 år	472	471	396	359	360
16-19 år	163	166	151	136	137
20-44 år	1 131	1 113	1 030	949	917
45-66 år	1 078	1 068	1 047	1 024	1 021
67-79 år	539	550	606	581	557
80+ år	272	268	302	424	467

Kommunen har fått færre born og unge, og fleire middelaldrande og eldre dei siste 20 åra. Om ein tek utgangspunkt i befolkningsframskrivinga mot 2045, viser det same tendens vidare.

Utviklinga i befolkningsamansetjinga er relevant fordi ulike aldersgrupper inneber ulike folkehelseutfordringar og ulike behov for kommunale tenester. Med ein større andel eldre aukar og behovet for helsetenester. Når det gjeldt fruktbarheit finst det ikkje tal på kommunenivå. SSB sin tabell [13251](#) syner at mor sin gjennomsnittsalder ved fødsel i Vaksdal er 30,6 år i 2022. Dette er lågare enn snittet i fylket og landet, på 31,4 og 31,7 år.

Framskrivinga viser nedgang i alle aldersgrupper for utan eldre frå 67 år og opp. Nedgang i barnetal heng saman med nedgang i aldersgruppa 20-44 år, der det er vanleg å stifte familie og born.

## B) Oppvekst- og levekår

*Oppvekstvilkår er dei omstende ein veks opp under. Eit godt oppvekstmiljø er viktig for at born og unge skal kjenne seg trygge og oppleve meistring.*

*Levekår er eit breitt spekter av komponentar som ein innbyggjar har eller bør ha tilgang til, som t.d. utdanning, inntekt, og gode bustad- og nærmiljø. Folkehelsemeldinga (Meld, St. 15, 2022-2023) slår fast at deltaking i arbeidslivet er knytt til velferd langs fleire dimensjonar, som helse, levealder og materiell levestandard.*



## Økonomi og helse

Hushaldet sin økonomi har stor innverknad på folkehelsa. Det slår Helsedirektoratet fast i sin Vegvisar til lokalt folkehelsearbeid. Statistisk sett blir helsa i befolkninga gradvis betre med aukande inntekt. Årsakene til dette kan bli forklart ut frå utdanning, yrke, tilgang til helsetenester og sunt kosthald. Det kan og handla om folkehelse relatert mobilitet (dårleg helse fører til avbroten utdanning, svar tilknytning til arbeidslivet og låg inntekt). Ei tredje forklaring på samanhengen mellom inntekt og helse, peikar på at låglønssyrke ofte kan medføra store arbeidsmiljøbelastningar.

«Inntektsulikhetshypotesen» inneber at økonomiske forskjellar i seg sjølv er skadeleg for folkehelsa, forde det medfører mindre samhald og sterkare kjensle av å ikkje strekkja til.

Å halde ein stor del av befolkninga i arbeid og inkludera fleire av dei som er i ytterkanten av arbeidsmarknaden, vil ha positiv verknad på folkehelsa generelt og på sosiale helseforskjellar spesielt (Folkehelsemeldinga, Meld. St. 15, 2022-2023).

### INNTEKT

Eit rimeleg nivå av levekår krev ei viss inntekt. Kommunen kan påverka innbyggjarane sin økonomi, mellom anna gjennom prisar på kommunale tilbod og tenester.

14,3 prosent av borna i Vaksdal kommune som var under 18 år budde i låginntektshushald (EU-skala 60 prosent) i 2021. Det vil seia hushald der inntekta er under 60 prosent av medianen etter EU sin skala. SSB sin tabell 08764 viser at Vaksdal har fleire born som lev i fattigdom enn landet og kommunar som Høyanger, Kvam og Osterøy.

**TABELL 11: BORN UNDER 18 ÅR SOM VEKS OPP I LÅGINNTEKTSFAMILIAR (EU60) I PROSENT, SAMANLIKNA MED ANDRE, SSB:08764**

	2017	2018	2019	2020	2021
Landet	12,8	12,8	12,5	12,2	11,3
Høyanger	15,9	15,5	13,2	12,7	12,3
Kvam	10,9	11,4	10,2	11,3	9,3
Osterøy	11,9	11,7	10,5	10,1	9,6
<b>Vaksdal</b>	<b>17,6</b>	<b>15,3</b>	<b>13,5</b>	<b>13,1</b>	<b>14,3</b>

Forholdet mellom dei mest velstående og dei med lågast inntekt ser ut til å vera relativt konstant. Ulikskapen er mindre enn i Noreg som heilskap.

I 2022 meldte NAV om 97 personar i alderen 18 – 67 år som har mottatt sosialhjelp til livsopphald, mot 99 i 2021 og 132 i 2020. Det er ei auke i utbetaling av sosialhjelp til livsopphald i 2022 samanlikna med 2021 på om lag kr 0,3 millionar.

NAV har eit mål å få ungdom som fell ut eller ikkje kjem inn på arbeidsmarknaden i arbeidsrelatert aktivitet. NAV er i kontakt med i underkant av 30 ungdommar under 30 år, mot 20 i 2021, 60 i 2020 og 55 i 2019.

### ARBEIDSSTYRKE

Tal frå det lokale NAV-kontoret viser at Vaksdal kommune ved utgangen av 2023 hadde ein brutto arbeidsstyrke på 2283 personar. Det vil seia 2283 personar i yrkesaktiv alder (18-67

år). Av desse er 307 uførepensjonistar, 102 er mottakarar av arbeidsavklaringspengar, 9 er arbeidsledige på tiltak og 19 er heilt arbeidsledige.

## UFØRETRYGD

I Vaksdal er andelen uføre 14,1 prosent av befolkninga ved utgangen av 2022. Det er høgare enn Vestland og landet sitt snitt på 9 og 10,5 prosent, og snittet til dei andre kommunane ein samanliknar seg med.

**TABELL 12: UFØRETRYGDA I PROSENT AV BEFOLKNINGA, 2022- TAL I PROSENT, SSB11695**

	Landet	Vestland	Vaksdal	Kvam	Osterøy	Høyanger
Begge kjønn	10,7	9,1	14,1	11,8	9,5	13,7
Menn	8,6	7,3	9,9	9,0	7,7	11,9
Kvinner	12,8	11,1	18,5	14,7	11,3	15,6

I 2022 har Vaksdal to færre uføretrygda enn året før. Frå 2018 til 2022 har talet på uføre i Vaksdal auka med 16 personar, frå 312 til 329 stk.

For utan aldersgruppene mellom 35 - 44, og 55 – 51 år har det vore ei auke i uføre i 2022 samanlikna med 2020. Det er størst auke i uføre i aldersgruppa 62 til 67 år. Oversikta viser og at andelen kvinner som er uføre, er vesentleg høgare enn menn i Vaksdal. Slik er det og i landet og andre kommunar.

**TABELL 13: UFØRETRYGDA I VAKSDAL ETTER ALDER I PERIODEN 2020 - 2022, PROSENT, SSB11715**

	2020	2021	2022
18-24 år	0,9	1,0	1,1
25-34 år	8,2	9,0	9,2
35-44 år	9,8	9,8	9,8
45-54 år	14,2	15,3	15,1
55-61 år	22,9	22,3	20,7
62-67 år	28,2	28,3	29,7

## SJUKEFRÅVÆR

Høgt sjukefråvær har i mange år vore ei utfordring i Vaksdal kommune. Det legemeldte sjukefråværet (i prosent av avtalte dagsverk) var i 2022 på 6,5 prosent i Vaksdal. Dette er under snittet for fylket (6,8 prosent) og over snittet for landet (5,4 prosent).

**TABELL 14: LEGEMELDT SJUKEFRÅVÆR, PROSENT, SSB:12451**

	2019	2020	2021	2022
Vaksdal	5,5	6,4	6,5	6,5

Det er kjønnsforskjell på sjukefråværet, men skilnaden er redusert dei siste åra. Menn sitt sjukefråvær har gått ned frå 5,0 prosent til 4,4 prosent frå 2014 til 2019, men har auka til 5,4 prosent i 2022. Tilsvarende har kvinner sitt sjukefråvær gått ned frå 10,4 til 7,9 prosent frå 2014 til 2019, og auka til 8,2 i 2022. Ein ser òg ei auke i sjukefråvær i landet og fylket i tilsvarende periode. Vaksdal kommune har i mange år jobba med å førebyggja det høge sjukefråværet.

## ARBEIDSLØYSE

Tal frå SSB viser at Vaksdal i 2022 hadde 1 prosent arbeidsledige i aldersgruppa 15-74 år. Dette er lågare enn landet, fylket og kommunane ein samanliknar seg med. Den yngste gruppa (15-29 år)

hadde 1,9 prosent, som er høgare enn dei andre aldersgruppene. Dei samanliknbare kommunane i same aldersgruppe har likt eller lågare tal enn Vaksdal.

**TABELL 15: ARBEIDSLØYSE, PROSENT, FHL.NO**

(15-74 år)	2022
Landet	1,8
Vestland	1,7
Høyanger	1,7
Kvam	1,4
Osterøy	1,5
<b>Vaksdal</b>	<b>1,0</b>

**TABELL 16: ARBEIDSLØYSE, PROSENT, FHL.NO**

(15-29 år)	2022
Landet	2,0
Vestland	1,8
Høyanger	1,5
Kvam	1,5
Osterøy	1,9
<b>Vaksdal</b>	<b>1,9</b>

I 2021 var det 14 prosent av innvandrere mellom 15 og 29 år som ikkje var i arbeid, utdanning eller opplæring i Vaksdal, til forskjell frå landet og fylket som låg på 21,6 og 25 prosent ([fhi.no](https://fhi.no)). Tala frå Vaksdal har variert, men jamt over gått ned frå 26,6 i år 2016.

#### ARBEIDSMARKNAD OG PENDLING

Vaksdal har generelt låg arbeidsledigheit. I tettstadane Vaksdal og Dale er det lokale arbeidsplassar i næringsmiddelproduksjon (Vaksdal) og klesproduksjon (Dale). Andre arbeider i maskinvareindustri og trevare/trelast. Om lag like mange arbeider i olje og gass på sokkelen i dag som for 5 år sidan. Bygg- og anleggsverksemd, transport, detaljhandel og anna varehandel er sektorar i privat sektor som sysselset mange. Mange arbeider i offentleg sektor lokalt eller i regionen med helse og sosialtenester, undervisning, tekniske fag og anna offentleg administrasjon. Landbruk er ei viktig lokal næring og tilstøytane lokalmatproduksjon og servering.

**TABELL 17: SYSSELSETTE PERSONAR ETTER BUSTAD OG NÆRING, SSB:07984**

	Sysselettede personar etter bustad				
	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Alle næringer</b>	1860	1818	1800	1820	1816
<b>Jordbruk, skogbruk og fiske</b>	43	39	44	45	42
<b>Bergverksdrift og utvinning</b>	70	78	72	72	73
<b>Industri</b>	219	248	227	229	236
<b>Elektrisitet, vatn og renovasjon</b>	55	53	52	54	48
<b>Bygge- og anleggsverksemd</b>	157	155	154	159	170
<b>Varehandel, reparasjon av motorvogner</b>	229	204	198	197	193
<b>Transport og lagring</b>	113	120	121	124	114
<b>Overnattings- og serveringsverksemd</b>	51	38	38	35	36
<b>Informasjon og kommunikasjon</b>	41	45	40	42	37
<b>Finansiering og forsikring</b>	14	11	10	11	13
<b>Teknisk tenesteyting, eigendomsdrift</b>	62	57	65	64	58
<b>Forretningsmessig tenesteyting</b>	74	67	72	80	91
<b>Off.adm., forsvar, sosialforsikring</b>	114	114	109	117	99
<b>Undervisning</b>	132	125	128	140	144
<b>Helse- og sosialtenester</b>	416	393	402	395	396

<b>Personleg teenesteyting</b>	58	62	54	47	52
<b>Ikkje oppgitt</b>	12	9	14	9	14

Vaksdal er del av ein større arbeidsmarknad i Bergensregionen i tillegg til arbeidsmarknaden i nabokommunen Voss. Til liks med kommunane rundt Bergen har Vaksdal stor utpendling, men og innpendling.

**TABELL 18: SYSSELSETTE, INN- OG UTPENDLING AV KOMMUNEN, SSB:11616**

	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Sysselette personar busett i kommunen</b>	1860	1822	1800	1820	1814
<b>Personar som pendlar inn til kommunen</b>	302	291	288	301	289
<b>Personar som pendlar ut av kommunen</b>	892	922	870	894	928
<b>Sysselette personar med arbeidsstad i kommunen</b>	1270	1191	1218	1227	1175

Kvar fjerde arbeidstakar i Vaksdal pendlar inn til kommunen, ifølgje SSB. Innpendling til kommunen har halde seg nokonlunde konstant dei siste fem åra, medan det har vore ei auke i tal personar som pendlar ut av kommunen.

## BUFORHOLD

Buforhold er grunnleggjande viktig for folkehelsa, og kan påverke både fysisk og psykisk helse.

Vaksdal er prega av einebustadar i alle bygdene, for utan Dale som og har ein del leilegheiter. Det vert bygd ut leilegheiter på Stanghelle. Dei fleste hushaldningane i kommunen bur i sjølveigne husvære, 82,4 prosent, medan 16,3 prosent leiger husvære. Ifølgje SSB sin tabell [06035](#) har den gjennomsnittlege kvadratmeterprisen på einebustadar gått opp sidan år 2020.

Dei fleste hushaldningane har det romsleg, med tilstrekkeleg rom og kvadratmeter. Om lag 91 prosent av Vaksdal sine personar i privathushaldningar har det romsleg, medan vel 8 prosent bur trøngt. I landet og fylket er tal personar som bur trøngt 9,7 og 9,5 prosent, noko som er høgare enn prosentandelen i Vaksdal.

**TABELL 19: EIGARSTATUS BUSTADAR I VAKSDAL, PROSENT, SSB11084**

	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Sjølveigar</b>	81,5	81,3	81,5	82,3	82,4
<b>Andels- /aksjeeigar</b>	1,2	1,1	1,2	1,2	1,2
<b>Leiger</b>	17,3	17,6	17,3	16,5	16,3

**TABELL 20: HUSHALDNINGAR ETTER KOR TRØNGT DEI BUR, ALLE ALDRA, SSB11046**

	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Bur romsleg, mange rom og m².</b>	90,2	90,8	89,9	90,9	91,1
<b>Bur trøngt, få rom og m².</b>	9,1	8,7	9,3	8,4	8,3
<b>Ikkje oppgitt</b>	0,7	0,5	0,8	0,7	0,6

Når det gjeld andel born mellom 0-17 år som bur trøngt ([khs.fhi.no](https://khs.fhi.no)) skil ikkje Vaksdal seg signifikant frå snittet i landet og fylket (2022 tal). Andelen er likevel noko høgare i Vaksdal (20,8 prosent) samanlikna med landet (18,3 prosent) og fylket (18 prosent).



## Born og unge

Kommunen utarbeider årleg ein rapport om tilstanden for [grunnskulen og barnehagen i Vaksdal](#).

### DEI YNGSTE – BARNEHAGE

Barnehagen er ein av dei viktigaste psykisk helsefremjande og førebyggjande arenaene me har. Barnehagen skal bidra til å jamne ut sosiale forskjellar, og kan ha spesielt stor betydning for born i familiar med låg sosioøkonomisk status eller innvandrarbakgrunn (Folkehelsemeldinga, Meld. St. 15, 2022-2023). Barnehagen har særleg god effekt på språkutviklinga hjå born som har foreldre med låg utdanning og låg inntekt, og born med innvandrarbakgrunn. Styrka kognitiv utvikling, språkutvikling, lese- og matteferdigheiter bidreg til å motverka utanforskap, som er ein av dei mest viktige risikofaktorane for utvikling av psykiske helseproblem blant born og unge.

Kommunen driv barnehage på Stamnes, Dale, Stanghelle, Vaksdal og i Eksingedalen. Det viser seg at delen born i alderen 1-5 år som går i barnehage er lågare i vår kommune enn på landsbasis, og slik har det vore i mange år. I samanliknbare kommunar som Osterøy, Kvam og Høyanger går fleire av borna i barnehage.

Tala i tabellen viser del born i forhold til innbyggjarar i aktuell aldersgruppe. I 2022 var 93,7 prosent av 1-5 åringane i Vaksdal kommune i barnehage, medan delen var høgare i Osterøy, Kvam og Høyanger. Det er mellom dei yngste borna (1-2 år) det er størst skilnad mellom Vaksdal og andre kommunar. Prosentandelen er 87,9 hjå dei eldste barnehageborna (3-5 år), medan berre 77,8 prosent av dei yngste (1-2 år) gjekk i barnehage i 2022.

Kompetansen til dei tilsette i barnehage er viktig for kvaliteten på tenesta. Barnehagane våre har høgare del tilsette med fagbrev i barne- og ungdomsarbeid, 28 prosent mot landet som har 22,7 prosent.

**TABELL 21: BARNEHAGEDEKNING I ÅR 2022, PROSENT, SSB:12056**

	Del born 1-2 år	Del born 3-5 år	Del born 1-5 år
Landet	87,7	93,4	97,1
<b>Vaksdal</b>	<b>77,8</b>	<b>87,9</b>	<b>93,7</b>
Osterøy	88,4	92,9	95,7
Kvam	92,7	97,5	100
Høyanger	88,7	93,2	96,3

**TABELL 22: TILSETTE SIN UTDANNING I BARNEHAGEN, 2022 PROSENT, UDIR.NO**

	Landet	Vaksdal
Barnehagelærarar	41,8	34,8
Anna pedagogisk utdanning	1,8	2,6
Anna høgare utdanning	1,6	0
Annan bakgrunn	25,9	24,5
Tilsvarande barnehagelærar	1,2	2,6
Barne- og ungdomsarbeidar	22,7	28
Anna fagarbeidarutdanning	5	7,4

### GRUNNSKULE

Kommunen har fem skular fordelt på Dale, Stanghelle, Vaksdal, Stamnes og Eksingedalen. Ved skulestart 2023 var det samla elevtalet 456 i grunnskulen i Vaksdal kommune. Den største skulen er Dale skule. For elevane i Eidsland krins kjøper kommunen skuleplassar i Modalen. Ny skule på Dale og Vaksdal vart tatt i bruk 2020 og 2022. Stamnes og Eksingedalen er oppveksttun.

## NASJONALE PRØVAR

Resultata frå 5. årssteg på nasjonale prøvar viser at skular i Vaksdal har fleire elevar på lågaste meistringsnivå i lesing over tid, medan snittet i rekning og engelsk er om lag som landet. Resultata i lesing har gått opp dei siste åra, og i 2023 låg leseferdigheitene for elevar i Vaksdal på snittet i landet og til kommunane ein samanliknar seg med.

Nasjonale prøvar for 8. årssteg viser noko betre resultat, særleg i rekning og engelsk.

TABELL 23: NASJONALE PRØVAR - ELEVAR MED LESEFERDIGHEIT PÅ LÅGASTE MEISTRINGSNIVÅ 5. TRINN, PROSENT, UDIR.NO.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Landet	25	24	23	23	23	23	23	26
Høyanger	20	38	29	35	19	9,8	23	19
Kvam	27	32	33	17	28	13	23	25
Osterøy	40	36	44	36	35	44	37	42
<b>Vaksdal</b>	<b>32</b>	<b>41</b>	<b>33</b>	<b>45</b>	<b>43</b>	<b>37</b>	<b>19</b>	<b>26</b>

TABELL 24: NASJONALE PRØVAR - ELEVAR MED LESEFERDIGHEIT PÅ LÅGASTE MEISTRINGSNIVÅ 8. TRINN, PROSENT, UDIR.NO

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Landet	10	9	9	10	9	10	9	13
Høyanger	8	15	9	12	6	*	9	2
Kvam	10	19	15	14	16	7	7	16
Osterøy	17	8	10	16	12	9	13	11
<b>Vaksdal</b>	<b>6</b>	<b>*</b>	<b>11</b>	<b>13</b>	<b>6</b>	<b>*</b>	<b>26</b>	<b>*</b>

## TRIVSEL

Ungdata si undersøking frå 2021 viste at fleire elevar trivst på skulen. Andelen til Vaksdal på 85 prosent er rett under landssnittet på 86 prosent. Elevane i skulane i Vaksdal opplev generelt god støtte frå læraren sin. Både 7. og 10. trinn opplev større grad av støtte frå læraren enn gjennomsnittet i landet.

Nokre område skåra Vaksdal lågare enn landet. Ungdommar i Vaksdal gjer mindre lekser, fleire skulka skulen og færre trur dei vil ta høgare utdanning enn elles i landet.

Data frå årlege elevundersøkingar frå 7. klassetrinn ([fhi.no](http://fhi.no)) syner at prosentandelen elevar som har vorte mobba har gått opp dei siste åra. I treårsperioden 2020/21 – 2022/23 har 13,1 prosent svarta at dei har opplevd mobbing, samanlikna med 8,8 prosent i 2019/20 – 2021/22, og 7 prosent i 2018/19 – 2020/21. Tal elevar som vert mobba har òg gått opp i landet og fylket, som hadde 7 og 6,7 prosent i perioden 2020/21 – 2022/23.

## GRUNNSKULEPOENG I VAKSDAL 2011-2022

Elevane i Vaksdal har hatt ei særskild positiv utvikling i høve grunnskulepoeng dei siste åra. I 2020 fekk elevane i Vaksdal høgare grunnskulepoeng enn landet elles, og i 2022 ligg Vaksdal over nasjonalt nivå. Det er og særskild aktuelt å samanlikna grunnskulepoeng med fylket vårt. Elevane frå Vaksdal søker på dei same plassane i vidaregåande skule som andre elevar i Hordaland og karakterane vert brukt som kriterium for skuleplass. Tabellen under viser at karakterane i Vaksdal i 2020-22 låg rett over Vestland, noko som gjer at våre elevar stiller noko betre enn elevar i fylket i «kampen» om skuleplass der dei ynskjer.

**TABELL 25: GRUNNSKULEPOENG, FHL.NO**

	2013-15	2014-16	2015-17	2016-18	2017-19	2019-21	2020-22
Landet	40,8	41,1	41,5	41,8	42,3	42,8	43,3
Vestland	40,9	41,3	41,9	42,1	42,6	43,0	43,5
Høyanger	41,6	41,4	41,9	42,0	42,4	43,0	43,7
Kvam	40,7	41,5	41,7	42,7	42,8	43,1	42,7
Osterøy	41,2	41,8	41,9	42,0	43,9	44,9	46,0
<b>Vaksdal</b>	<b>39,0</b>	<b>39,8</b>	<b>41,0</b>	<b>41,5</b>	<b>42,2</b>	<b>43,2</b>	<b>43,8</b>

**GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE SKULE**

Helsedirektoratet seier at unge sitt fråfall frå vidaregåande opplæring utgjer ei stor folkehelseutfordring. Dette fordi tilknytning til skule og arbeidsliv er sentralt for unge si helse og livskvalitet. Nokre grupper har høgare risiko for å ikkje fullføra vidaregåande. «Dette er elevar med svake grunnskulekarakterar, elevar med lågt utdanna foreldre, gutar, minoritetsspråklege elevar med manglande norskkunnskapar og yrkesfagelevar med dårlege grunnferdigheiter. Det er sosiale skilnader mellom dei som gjennomfører og dei som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring», slår Helsedirektoratet fast. I tillegg til å vere ein føresetnad for å unngå utanforskap, er utdanning òg ein viktig faktor for integrering.

I Vaksdal kommune er utdanningsnivået lågare enn snittet, noko som og gjeldt gjennomføringsgraden i vidaregåande skule. Gjennomføringsgraden har likevel betra seg dei siste åra, noko som og gjeldt landet og kommunane ein samanliknar seg med.

**TABELL 26: DEL ELEVAR SOM GJENNOMFØRTE VIDAREGÅANDE OPPLÆRING, PROSENT, FHL.NO**

	2014-16	2015-17	2016-18	2017-19	2018-20	2019-21
Landet	74	75	77	77	78	79
Vestland	76	77	78	78	79	80
Kvam	77	77	77	81	82	85
Osterøy	73	70	73	76	80	80
Høyanger	75	77	79	83	83	82
<b>Vaksdal</b>	<b>69</b>	<b>66</b>	<b>69</b>	<b>69</b>	<b>70</b>	<b>74</b>

## Tverrfaglege tenester for born og unge

**HELSETENESTER**

Helsedirektoratet understrekar at «eit godt samarbeid mellom skulen og skulehelsetenesta er viktig for den enkelte elev som har helsemessige utfordringar». Helsestasjons- og skulehelsetenesta bør vera lett tilgjengeleg for born, unge og deira foreldre, og dei tilsette bør ha nødvendig kompetanse og ressursar. Å satsa på desse tenestene kan vera å auka kapasitet, tilgjenge og oppfølgingstid, og korta ned ventetida for timeavtale.

## HELSESTASJONEN

Helsestasjonen har som mål å ivareta spedbarn og småbarn si fysiske, psykiske og sosiale helse. Helsestasjonen utfører helsekontrollar av sped- og småbarn, helseopplysning og vaksinasjon. Ved helsestasjonen kan ein få rettleiing og støtte i spørsmål knytt til born si vekst, utvikling og trivsel.

Helsestasjonen driv helsefremjande og førebyggjande arbeid og følgjer borna med faste kontrollar fram til dei byrjar på skulen. På helsestasjonen møter innbyggjarane helsesjukepleiarar og lege. Her arbeider og jordmor. Helsestasjonen samarbeider med andre tenester som fysio- og ergoterapeutar, barnehage, barnevern, fastlegar, sjukehus og PPT.

Helsestasjonen opplyser at alle borna i kommunen nyttar seg av kontrollane dei vert sett opp til og ein del foreldre tek kontakt utanom ved spørsmål. Søvn, mat, trivsel, vanlege barnesjukdommar, grensesetjing og samspel er vanlege tema. Vaksinasjonsdekninga i kommunen er høg. Helsestasjonen arrangerer barseltreff med fagpersonar på helsestasjonen, samt gruppetrening for barselsmødre med fysioterapeut. Helsestasjonen informerer via eigen Facebook-side.

## SJUKEHELSETENESTA

Alle grunnskulane i Vaksdal har tilbod om skulehelseteneste. Føremålet med skulehelsetenesta er å fremja fysisk og psykisk helse og å bidra til at alle elevane har eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Tilbodet er retta mot eleven sjølv, familien og skulemiljøet i sin heilskap.

Skulehelsetenesta gjennomfører helseundersøkingar og vaksinerer etter barnevaksinasjonsprogrammet og kan gje råd og rettleiing til elevane og føresette. Helsesjukepleiar er på alle skulane i kommunen til faste tider. Skulehelsetenesta nyttar helsestasjonslegen ved behov. Ved skulestart vert alle born undersøkt av legen.

Skulehelsetenesta har tilbod om open dør på skulen slik at elevane kan komma utan timeavtale og tilbyr oppfølging med samtalar for enkeltelevane som har trong for dette. Skulehelsetenesta deltek òg på undervisning i klassane om ulike tema dersom skulen ynskjer det. Døme på tema som elevane kan ta opp med skulehelsetenesta er: skuletrivsel, følelsar, søvnavanskar, kropp, pubertet, skilsmisse, sorg, vennskap, identitet, helseutfordringar osv.

Skulen er ein viktig samarbeidspartnar for skulehelsetenesta. Skulehelsetenesta samarbeider òg med, og kan tilvise vidare til fastlegar, fysioterapeut, ergoterapi, barnevern, PPT, psykisk helse og rus.

Helsestasjonen i Vaksdal har utarbeidd «Plan for skulehelsetenesta», som seier kva type tenester dei ulike alderstrinna skal ha i løpet av eit år.

## BARNEVERNET

Vaksdal kommune er del av eit interkommunalt samarbeid mellom Osterøy, Vaksdal og Modalen: Sørfjorden barnevernteneste.

Barnevernet sitt samfunnsoppdrag er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse eller utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og vern til rett tid.

Barneverntenesta i Norge har hatt eit større fokus retta mot seg dei seinare år, og barnevernsreforma som trådde i kraft 2022, og den nye barnevernlova som trådde i kraft i 2023 har stor betydning for korleis tenesta og kommunane bør tenke kring framtidige tenester i barnevernet. Barnevernsreforma, også kalla oppvekstreforma, har gitt kommunane fullt økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar, og

auka kommunale eigenandelar for bruk av spesialiserte hjelpetiltak, spesialiserte fosterheimar, institusjonar og akutte tiltak. Kommunane får i tillegg eit heilskapleg ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimane, noko som tidlegare var delt mellom statleg barnevern og kommunalt barnevern. Den nye barnevernlova er ei modernisering av lova. Lova skal bidra til eit betre barnevernsfagleg arbeid, styrke barn og foreldre sin rettstryggleik, og bidra til auka vekt på førebyggjande arbeid.


Eit lokalt kommunalt arbeid som er utløyst av oppvekstreforma er arbeidet med plan for førebygging barn og unge.

Barnevernstenesta har til ei kvar tid om lag 40 barn/unge eller familiar dei yter hjelpetenester til. For eit mindre tal av desse har tenesta omsorgsansvaret, og ein føl opp nokre born frå andre kommunar som bur i fosterheim i Vaksdal.

Tenesta er til stades og gjev informasjon i møte med personalet i skule og barnehage, foreldremøte etc. Ein har eit heilt nødvendig samarbeid med skule og barnehage.

Ein samarbeider tett med PP-tenesta, helsestasjon og legetenesta i kommunen. Eksternt samarbeider ein med BUF-etat og Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP).

Tenesta har (i 2023) 12 stillingsheimlar og er organisert i to team.



## FLYKTINGAR OG INNVANDRARAR

Før krigen i Ukraina i 2022 hadde ikkje Vaksdal kommune teke i mot flyktingar sidan 2017. Alle tilbod, særskilt knytt til flyktingar, var lagt ned og lokalar sagt opp frå august 2021.

Folka og kompetansen var framleis til stades i kommunen og det gjekk raskt å få opp att mottaksapparatet. Norskopplæringa vart kjøpt av Voss Herad i 2022.

Det vart etter kvart tydeleg at krigen ville vare ei stund og det kom stadig fleire til landet og kommunane. Vaksdal busette 100 flyktingar i løpet av 2022 og 2023 og i løpet av hausten 2022 starta arbeidet med å byggje norskopplæringa i kommunen opp igjen. Erfaringa frå førre flyktingbølgje viste at eit heilskapleg tilbod der flyktingane bur, fremmar integrering og god psykisk helse. I februar 2023 var VIS i gang med integreringsjobben; introduksjonsprogrammet, norskopplæring, busetting, arbeids-/språkpraksis og rettleiing. I 2024 rustar ein seg for å ta i mot 55 nye flyktingar.

Det er tilsett programretteleiarar i 2,5 stilling, fagleiar i 60 % og 2 flyktningkonsulentar i 100 %. I tillegg nyttar ein særordninga for pensjonistar som jobbar med flyktningar frå Ukraina og har 1,5 stilling for språkassistent.

Tenestene i kommunen held fram med det gode samarbeidet ein utvikla ved førre flyktningbølge og har månadlege tverrfaglege samarbeidsmøte. Målet er å kartleggje kapasiteten, få god flyt og unngå brot i tilbodet til flyktningane.

Ein ser at det er sterk motivasjon og stor innsats frå dei fleste av flyktningane og fleire er i god gang med studiar og arbeid. Barn og unge er i skule og barnehage og tek del i fritidsaktivitetar. Mange vaksne er òg aktive i lokalsamfunnet.

Det er ei utfordring med regelverk som stadig endrar seg og dei høge forventningane frå nasjonale myndigheiter om å få flest mogeleg i arbeid. Utfordringa er særleg stor på grunn av det store talet flyktningar ein blir bedt om å busette.

### **ALDERSVENLEG SAMFUNN**

Til liks med andre kommunar i landet har helse og omsorg i Vaksdal fokus på at eldre kan få nytta sine ressursar, vera aktive og delta i samfunnet. Vurdering av tilrettelegging og rehabilitering vert gjort før kompenserte tiltak og omsorgstenester vert sett inn. Dette er i tråd med ønskje frå brukargruppa og med nasjonale føringar og satsingar.

I 2017 gjennomførte kommunen i samarbeid med Senter for omsorgsforskning Vest ei innbyggjarundersøking som gjekk ut til alle i kommunen mellom 67 til 75 år. Svarprosenten var 53, og 7 prosent av desse oppga at dei tok imot tenester frå kommunen. Det var spørsmål om helsetilstand, haldningar og forventningar til framtida og tenester, om bruk av teknologi og om sosialt nettverk. 65 prosent svarta at den generelle helsetilstanden var god eller betre, 25 prosent svarta svært god. Nesten alle (88,5 prosent) eig bustaden dei bur i, og 58 prosent meiner denne er godt eigna for framtida. Likevel er det berre 35 prosent som svarar at dei kan bu i bustaden dersom dei får gangproblem. 43 prosent er usikre og 22 prosent meiner det ikkje går.

74 prosent svarar positivt på at dei vil bu heime så lenge dei lever, og 61 prosent meiner dei sjølv har ansvar for å leggja til rette for alderdomen.

<b>Spørsmål 47. Kva trur du vil vere viktig for deg for å kunne bu lengst mogeleg heime?</b>	
Å få kunne bestemme sjølv over eige liv	5,72
Helsehjelp i heimen / Heimesjukepleie	5,40
Rådgeving om tilbod og rettigheter	5,40
Praktisk hjelp i heimen	5,26
Tilgang på transport til lege, dagaktivitetar, etc	5,20
Tilrettelegging av tilbod	4,97
Tilrettelegging av bustad	4,97
Korttidstilbod / avlastning	4,90
Aktivitetstilbod og sosial fellesskap	4,75
Trim / treningstilbod utanfor heimen	4,57
Hjelp til hagearbeid / vedlikehald av hus	4,53

73 prosent seier dei kan tenkja seg å bruka teknologi som kan bidra til å meistra kvardagen og bu heime. Så å sei alle (97 prosent) har mobiltelefon, og 6 av 10 brukar datamaskin eller nettbrett kvar dag.

Desse respondentane har sterke sosiale band. 80 prosent svarar at dei kjenner naboen sin godt eller svært godt. 23 prosent seier at dei har kontakt med familien sin kvar dag, og 62 prosent har kontakt med dei meir enn ein gong i veka. 62,5 prosent svarar at dei har kontakt med vener ein gong i veka eller oftare.

Aldersvenleg samfunn er sett på dagsorden både nasjonalt og internasjonalt. Bakgrunnen for dette er at talet eldre vil utgjera ein stor del av befolkninga framover, og ein ønskjer å motvirka aldersdiskriminering samt å leggja til rette for samfunnsdeltaking for denne store og ressurssterke gruppa av befolkninga.

Regjeringa har ein eigen strategi for aldersvenleg samfunn, og utvikling av aldersvenleg samfunn er knytt tett opp mot arbeidet med FN sine berekraftsmål med fokus på tverrsektorielt samarbeid, inkludering og involvering. WHO, verdens helseorganisasjon, definerer aldersvenleg samfunn som eit samfunn der me anerkjenner mangfaldet blant eldre og verdset deira bidrag i samfunnet, fremmar inkludering og forventar og responderar på aldersrelaterte behov og preferansar.

Viktige område for utvikling vert universell utforming, uteområde og møteplassar på tvers av generasjonar, transport og bustad. Samt å oppnå meir samfunnsdeltaking, medverknad og kommunikasjon med involverte partar. Utvikling av aldersvenlege lokalsamfunn vert fronta som eit hovudsatsingsområde, og det vert understreka at dette må skje tverrsektorielt og involvera fleire fagområde samt lokalt kulturliv og frivilligheit.

Det vil òg krevja mobilisering av dagens og morgondagens eldre. Satsinga inneber eit paradigmeskifte i forhold til korleis den aldrande befolkninga skal imøtekommast. Frå å ha fokus på tenester som vert levert og finansiert av offentlege myndigheiter, skal det skje ei dreining mot at ulike aktørar samhandlar og bidreg for å skapa eit samfunn tilrettelagt for eldre sin medverknad. Overordna sett handlar det om å kunne oppleva ein god og meningsfylt alderdom, noko som inneber mellom anna aktivitet og deltaking. Det handlar òg om verdigheit og om å kunne nytta ressursar og bidra inn i samfunnet.

## C) Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

*Fysisk, biologisk og kjemisk miljø er miljøtilhøve som har verknad på helsa vår. Det kan vere tilgang kvalitet av drikkevatt, grad av støy og tilgang til natur. God helse er avhengig av eit sunt miljø. Sosialt miljø handlar om sosial aktivitet som skjer- og er tilgjengeleg for innbyggjarane. Folkehelsemeldinga (Meld. St. 15, 2022-2023) slår fast at deltaking på fritidsarenaer gjev born og unge høve til å oppleve meistring og utvikling, sosiale ferdigheiter, vennskap, nettverk og tilhøyrse.*






# Fysisk, biologisk og kjemisk miljø

## KLIMA

I Vaksdal kommune sin nyleg vedtatte samfunnsdel av kommuneplanen, er klimaendringane eit tema som har fått større fokus enn tidlegare. Vaksdal kommune ønsker eit sterkare fokus på klima-, energi- og miljøplanlegging. Overgangen til eit klima- og miljøvenleg samfunn handlar om å redusere utslipp av klimagassar, handtera eit klima i endring, ivareta naturmangfaldet og bruke naturressursane på ein meir berekraftig måte. Overgangen til lågutsleppssamfunnet krev at me både gjer strukturelle endringar, og endringar i personlege val i kvardagen. Klima- og miljømåla er difor eit premiss for samfunnsutviklinga.



FIGUR 2: STØRRELSESDORDEN DIREKTE KLIMAGASSUTSLEPP I VAKSDAL KOMMUNE, 2020, MILJØDIREKTORATET

Dei direkte, fysiske utslappa som finn stad innfor kommunegrensa i Vaksdal var i 2020 på 21 346 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Vegtrafikk er sektoren med høgast direkte utslipp med 69 %. Jordbruk er den nest største utslppskjelda og utgjer 19 %, sjå figur under. Sidan 2009 er dei direkte utslappa i Vaksdal kommune redusert med 20 %. Ein hovuddrivar til utslppsreduksjonen er utfasing av fossil olje til oppvarming.




Som bidrag til Parisavtalen har Noreg sett seg som mål at utslipp av klimagassar i 2030 skal reduserast med minst 50 til 55 prosent samanlikna med 1990, og at Noreg skal vere eit lågutsleppssamfunn i 2050. Grafen viser historiske klimagassutslipp for Vaksdal kommune samt utslppsmål for 2030 og 2050, forutsett at kommunen skal oppfylle sin del av nasjonale mål.

## ÅRLEG KLIMAFOTAVTRYKK FOR EIN INNBYGGJAR I VAKSDAL OG NOREG

[Folkets Fotavtrykk](#) syner gjennomsnittleg fotavtrykk per innbyggjar i eit område basert på forbruk av energi, mat, transport, varer og tenester, og offentleg sektor. Innbyggjarane i Vaksdal har eit gjennomsnittleg fotavtrykk på 12 tonn CO<sub>2</sub>e. Det totale fotavtrykket for innbyggjarane i Vaksdal kommune er på 50.030 tonn CO<sub>2</sub>e.

### Vaksdal Ranging:

Nummer **116** av 356 kommuner i Norge  
Nummer **8** av 43 kommuner i Vestland  
Nummer **2** av 21 kommuner med mest lik folketall  
Nummer **4** av 21 kommuner med mest lik befolknings tetthet



Kjelde: [folketsfotavtrykk.eco](#), 2023

I følgje verdas Verdhelseorganisasjonen er klimaendringar den største trugselen mot folkehelsa globalt ([WHO, COP26 special report](#)), og klimaendringar er òg ein trugsel nasjonalt og lokalt. Klimaendringar påverkar folkehelsa på fleire måtar, både direkte og indirekte: forureining, allergiar, luftvegssjukdomar, og ekstremver kan føre til skade og tap av liv, og reduserer mattryggleik og tilgang på drikkevatt. Klimaendringane kan òg bli opplevd skremmande og påverke den mentale helsa negativt. Folkehelsemeldinga (Meld. St. 15, 2022-2023) slår fast at klimaendringane trugar velferda vår.

Klimaarbeid kan betre folk si helse. Reinare luft, betre kosthald og lokalsamfunn tilrettelagde for meir aktive liv kan gje rask effekt på helsa.

Sosial berekraft er ein viktig dimensjon i klimaarbeidet. Klimatiltak kan råka folk ulikt og gjere sosiale skilnadar større. Dei med lågast sosialøkonomisk bakgrunn og born er mest sårbare. Til dømes vil det vere vanskelegare for ein fattig familie å etablere energieffektiviseringstiltak. Omstillinga til eit klimavenleg samfunn må skje på ein rettferdig måte.

## VASSVERK

Vaksdal har fire kommunale vassverk samt to små vassverk ved skulane på Stamnes og Eksingedalen. Desse forsyner 85 – 90% av innbyggjarane. Resten av befolkninga får vatn frå private vassverk og eigne brønnar.

Dale og Stanghelle får levert vatn frå grunnvasskjelde på Dalegarden. Her er det 2 parallelle UV-filer og marmorfilter. Det vert og brukt noko vatn frå turbinleidninga frå Dale kraftverk. To høgdebasseng vert brukt for å tryggja vassforsyninga.

Det er etablert nytt grunnvassanlegg i Sødalen (marmorfilter samt 2 parallelle UV-filer) som har erstatta anlegget på Boge sidan 2020. Anlegget på Boge var oppgradert i 2019 og vert i framtida reservevasskjelde for Vaksdal.

Stamnes vassverk og Eidsland vassverk er mindre vassverk som forsyner om lag 150 personar til saman. På Stamnes er det ein grunnvassbrønn. Vannglass og 2 parallelle UV-filer vert brukt for å auke vasskvalitet. På Eidsland/Myster nyttar ein vatn frå ein grunnvassbrønn ved Ekso. Her skal det bli bygd nytt anlegg med UV-filer.

Vassverk ved Eksingedalen skule og Stamnes skule forsyner sjølve skulane, det vil seie elevar og dei som har sin arbeidsplass der, samt ein bustad. Det skal monterast UV-anlegg på skulane for å tryggja vasskvaliteten.

## PRØVETAKING, VARSLING OG FAREKARTLEGGING

Det vert rutinemessig teke vassprøver kvar 14. dag ved dei to største vassverka, månadleg på dei mindre vassverka og 4 gongar per år på skulane. Alle vassverkane leverer normalt god vasskvalitet. Særleg har dei nye brønnane, samt nytt behandlingsanlegg i Sødalen som fungerer godt, resultert i en stor forbetring for vasskvaliteten på Vaksdal sidan 2019.

Kommunen har innført befolkningsvarsling på SMS/talemelding, som varslar abonnentane når drikkevandet kan vera av helsefarleg kvalitet.

Førre kokevarsel vart sendt ut tidleg på hausten i 2019 for Vaksdal. Våren 2019 vart det sendt ut kokevarsel for Stamnes. Det er fleire år sidan – 2014-15 det vart sendt ut kokevarsel på Eidsland/Myster.

Kommunen har ein prøvetakingsplan, eit godt utbygd styring og overvakingssystem for dei største vassverkane og rutinar for intern kontroll på vasskjelder, behandlingsanlegg og leidningsnett. I tillegg til pågåande rutinekontroll, rapporterast det årleg om drikkevasskvalitet til Mattilsynet og farekartlegging, tryggleiksanalyse og beredskapsplan oppdaterast kvart 5.år.

## **RADON**

Kommunen gjennomførte vinteren 2000/2001 ei kartlegging av radon i inneluft i Vaksdal kommune. 9 prosent av husstandane deltok, og 5 prosent av desse hadde ein radonkonsentrasjon høgare enn anbefalt tiltaksnivå på 200 Bq/m<sup>3</sup> luft. Fleire huseigarar i kommunen vart tilrådde å gjera førebyggjande tiltak, fordi radon i inneluft aukar risikoen for lungekreft. Deler av kommunen har eit radonproblem, var konklusjonen i 2001. Den gongen viste kartlegginga at Eidsland har høgt sannsyn for høge radonkonsentrasjonar, Dale og Vaksdal har middels høg, og Stanghelle, Eksingedalen, Stamneshella, Straume og Bergsdalen er område med lågt sannsyn for høge radonverdiar. Etter 2001 vart kommunale bygg målt, og det vart iverksett tiltak i dei bygga som hadde forhøga verdi.

I nyare tid er tettstaden Vaksdal og Sædalen markert med høg aktsemdsgrad i radonkart frå Norges Geologiske Undersøkelser. Dale har òg nokre punkt med høge verdiar. Grensa for anbefalt tiltaksnivå har òg blitt skjerpa til 100 Bq/m<sup>3</sup>.

## **STØY**

Som for utslepp av klimagassar kjem hovudmengda av støy frå vegtrafikk og jernbane. Særleg gjeld dette støy ved periodisk vedlikehald. Det er planlagt fleire større tiltak i tettstadar i kommunen, og støy frå anleggsarbeid kan bli ei støykjelde.

## **INNEMILJØ**

I dag brukar folk om lag 90 prosent av tida innandørs, og innemiljøet har stor innverknad på helsa. Innemiljø handlar om temperatur, luftkvalitet, lyd, stråling og mekanisk miljø (utstyr), i tillegg til estetisk, psykologisk og sosialt miljø. Årsaker til dårleg innemiljø kan vera dårleg vedlikehald, byggkonstruksjon og reinhald (Folkehelsemeldinga, Meld. St. 15, 2022-2023). Dei fleste skular og barnehagar i Vaksdal kommune har godt inneklima.

Barnehagane på Vaksdal og Stanghelle har nye, gode bygg med godt inneklima. Ny skule på Dale vart teken i bruk i år 2020, nytt oppvekstun på Stamnes i 2021, og ny skule på Vaksdal i år 2022. Desse får eit optimalt inneklima.

Det er godt inneklima både på Daletunet og Vaksdal sjukeheim. Nytt helsebygg på Vaksdal er planlagt ferdig i starten av 2024.

## **Sosialt miljø**

Sosial ulikskap er ein utfordring fordi menneske vert fråteke livssjansar og potensial som følge av dårleg helse. Dårlig helse skapar eksklusjon og hindrar eit aktivt, skapande og sosialt deltakande liv. Bakanforliggende faktorar som inntekt, oppvekst og arbeidstilhøve er skildra tidlegare i oversynet. Samfunn som er tilrettelagt og tilgjengeleg for alle motverkar utanforskap.

Vidare vil ein gå nærare inn på det sosiale miljøet. Sosialt miljø kan vere møteplassar, felles aktivitetar og det som fremjar og hemmar fysisk miljø.

## **EINSEMD**

Einsemd er knytt til auka risiko for fleire negative helsetilstandar og sjukdomar.

Folkehelseundersøkinga i Vestland frå 2022 vart personar spurde kor einsame dei var på ein skala frå 0-10. Resultata syner at snittet i Vaksdal var på 2,35 av dei 825 som svarte på undersøkinga. Tilsvarende tal for fylket er 2,29. Gjennomsnittet for kvinner og menn var 2,30 og 2,40 i Vaksdal, og 2,34 og 2,22 i fylket.

Ungdata viser at 14 prosent av ungdom som svarte på undersøkinga er plaga av einsemd. Dette er litt fleire enn landssnittet på 11 prosent.

## Kultur og idrett

### FRILUFTSLIV

Gode lokalsamfunn med tilgang til helsefremjande nærmiljø er av betydning for folkehelsa. I dette ligg m.a. friluftsliv, grøntområde, leikeplassar, rekreasjonsområde og idrettsanlegg. Folkehelsemeldinga (St. Meld. 15, 2022-2023) slår fast friluftsliv og natur som kjelde til helse og livskvalitet.

Vaksdal sin frodige natur, frå fjord til fjell, innbyr til aktivitet og friluftsliv. Kommunen har tilrettelagt med turkart og fiskekart, og saman med Bergen og omland Friluftsråd laga bryggjeanlegg for kajakk på Stanghelle. Vaksdal kommune deltek i Vestland fylkeskommune sitt «ro- og padleprosjekt» som har mål om å kartlegge og gradere padleruter, og gjere det enklare og meir attraktivt å ro og padle i Vestland.

Fiska kan ein gjera både i fjorden, i Daleelva og andre elvar i kommunen, og i ei rekkje fjellvatn. Kommunen er og ein del av sykkelruta Den grønne Sløyfa. Det finst fleire turkart og merka stiar, og alle husstandar fekk i 2007 boka «Turar i Vaksdal», med 13 turforslag til klassiske turar for dei fleste, spreidd rundt omkring i kommunen.

Vaksdal Turlag samlar heile Vaksdal kommune under ein "tur-paraply". Styret er sett saman av ein medlem frå kvar av bygdene Eksingedalen, Stamnes, Bergsdalen, Dale, Stanghelle og Vaksdal. Kvart år arrangerer dei fellesturar i alle bygdene våre.

### ORGANISASJONAR

I Vaksdal er det 23 frivillige lag og foreiningar som mottek kommunalt tilskot. Det er langt fleire organisasjonar i Vaksdal enn desse. I vedlegg 1 er innhaldsrik oversikt.

**TABELL 27: FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR SOM MOTTEK KOMMUNALT TILSKOT, SSB:11761**

	2022
Frivillige lag og foreiningar, andre kulturaktivitetar	15
Frivillige lag og foreiningar, idrett	8

### IDRETT

Turbinen fleirbrukshall opna januar 2014. Det er Vaksdal kommune si storstove for idrett og anna kultur, med plass for ulike ballidrettar og styrketrening. I Dale skule har kommunen bygd eit nytt og moderne symjebasseng som er ope for alle. I kommunen er det fleire idrettslag som tilbyr ei rekkje treningsaktivitetar for sine medlemmer. Dei største idrettsanlegga med fotballbanar og klubbhus finst på Vaksdal og Dale, og på Stanghelle er ein aktivitetspark.

### KULTUR

Avdelinga for kultur og inkludering vart oppretta i 2021 og består av tenesteområda kulturskule, frivilligsentral, idrettsbygg, folkebad, kommunale tilskot, bibliotek, kino, barne og ungdomsarbeidar og flyktingtenesta.

I ny skule på Dale er det bygd ein kultursal som skal romme konsertar og framsyningar. Her er amfi til 250 personar, moderne lyd og lysanlegg og scene og salen nyttes til arrangement frå frivillige og kommunale tenester som kino, kulturskule og skule. På Dale skule ligg kommunen sitt basseng, her

blir det levert den kommunale tenesta «Folkebad» tre kveldar i veka, skulesymjng og grupper med fysioterapeut. Idretten i kommunen har tilgang på bassenget to kveldar i veka.

Kulturskulen har eit breitt tilbod av undervisning på instrument, visuelle kunstfag, UKM, band med meir heile året. Turbinen er kommunen sin fleirbrukshall for idretten og er i høg bruk året rundt, her er og eit sosialrom for lag og organisasjonar til møteaktivitet og sosiale samlingar. Flyktingtenesta arbeider med busetting, språkopplæring og arbeidspraksis for flyktingar som kommunen tek imot, dei 2 siste åra har Vaksdal kommune busett mange nye. Kino starta opp igjen i januar 2022, og lokala ligg i kultursalen på Dale skule. Dei siste åra har avdelinga òg fått opp igjen eit tilbod med undervisning for skuleelevar på Skipshelleren, der det vert nytta ein guide til arrangementa. I løpet av året er det fleire store kulturarrangement i kommunen, slik som Daledagane, Vintertreffet på Vaksdal, Elvebrus, Bergsdalsdagane og fiskefestival på Stamnes. Vaksdal kommune sin frivilligsentral og bibliotek vert skildra nærare under.

#### FRIVILLIGSENTRAL

Frivilligsentralar er mangfaldige møteplassar bygd på frivilligheita sine premiss og lokale ønskjer, ivaretatt av tilsette i samhandling med frivillige, lag og foreiningar, næring og kommune. Frivilligsentralen sitt arbeid skal treffe alle, og både born, ungdom, og eldre skal finne tilbod hos frivilligsentralen. Frivilligsentralen i Vaksdal kommune er aktiv og har hatt arrangement som Villmarksleir i Bergsdalen, klatrepark/rafting på Voss, handlebuss for eldre, datahjelpa der eldre får hjelp av ungdom, songkafé, og generasjonssong på sjukeheimane. Sentralen tilbyr og gratis utlån av utstyr til sport og friluftsliv gjennom BUA. I perioden september til november 2023 låg BUA Vaksdal øvst på lista over utlånte utstyrseiningar blant små kommunar. BUA Vaksdal hadde i november 260 utlånte einingar etterfølgd av BUA Høyanger sine 111 einingar.

#### BIBLIOTEK

Vaksdal bibliotek består av eit nytt og moderne hovudbibliotek i det nye skulebygget på Dale, og ein filial på Vaksdal. Hovudbiblioteket har gode fasilitetar og det ligg godt til rette for ulike samarbeid med både skule og andre delar av organisasjonen, I tillegg til frivillige organisasjonar. I 2022 var det til saman 4 290 som fysisk besøkte biblioteka ([Bibstat.no](http://Bibstat.no)).

Vaksdal kommune har ein kulturplan som er gjeldande 2016-2026.

**TABELL 28: UTLÅN AV MEDIER, SSB:11760**

	2021	2022
<b>Bøker totalt</b>	<b>3 470</b>	<b>3 733</b>
Barnebøker	1 490	1 743
Vaksenbøker	1 771	1 725
Lydbøker	19	28
Film	5	12
Andre fysiske media	185	223
E-bøker	654	654

#### **KULTURMINNE**

På Straume på Stamnes finst ein 7000 år gamal steinalderbustad. Skipshelleren er av dei mest funnrrike på Vestlandet. Kommunen har lagt til rette med toalett, bryggje og aktivitetsbygg ved sjøen. Kvart år opplever om lag 300 born det guida opplevingsproduktet «På jakt etter steinalderen». Vaksdal har mange viktige kulturminne knytt til fjordkultur, fiske, landbruk og sanddrift. Åtte laksegiljer er framleis intakte. På gardane er det mange gjenstandar som syner leveviset og historia til området. Kulturminneplan 2015-2018 er under revisjon.

## FABRIKKMILJØ

Frå 1880-åra fekk ein store fabrikkmiljø på Dale og på Vaksdal bygd på kraft frå vassdraga. Tekstilindustrien på Dale og mølledrifta på Vaksdal gav arbeid til alle, og var livsnerva i bygdene. Samstundes var dette arbeidsplassar med kjemikaliar og støv, og eit langt arbeidsliv i fabrikkane kunne gje alvorlege helseplager.

## Nærmiljøet

I Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022 svara i overkant av 800 personar i Vaksdal og 50.000 personar i Vestland. Tal frå undersøkinga syner at fleire personar i Vaksdal enn i fylket opplev å høyre til på staden ein bur, og kjenner seg trygg når ein er ute og går i nærmiljøet.

TABELL: FOLKEHELSEUNDERSØKINGA I VESTLAND 2022 OM NÆRMILJØ

	Vaksdal	Fylket
Stadtilhøyrslø, skala 0-10	7,46	7,34
Trygg i nærmiljøet, skala 0-10	9,12	8,92

## UNGDOM OM NÆRMILJØET

Ungdataundersøkinga er eit spørjeskjemabasert verktøy som gjev eit breitt bilete av korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. I 2021 deltok 143 ungdomar på ungdomstrinnet (8-10. trinn).

I undersøkinga svara 67 prosent av ungdomane at dei er nøgd med lokalmiljøet. Det er same skår som landssnittet. Lokal ungdom ønskjer seg fleire samlingsstader.

63 prosent tykkjer det er bra tilbud av idrettsanlegg, men berre 16 prosent meiner det er eit bra kulturtilbod til ungdom. Det er markant lågare enn landet sitt snitt på 56 prosent. Lokal ungdom ønskjer seg fleire samlingsstader.


89 prosent av ungdommane i Vaksdal opplev nærområdet sitt som trygt. 55 prosent er aktive i fritidsorganisasjonar, og 14 prosent er fysisk aktive sjeldnare enn ein gong i veka.

14 prosent er plaga av einsemd. Dette er litt fleire enn landssnittet (11 pst).

11 prosent har svara at dei har blitt utsett for mobbing. Landssnittet er 8 prosent.

I februar 2024 vart det gjennomført ny ungdataundersøking. Resultata vert tilgjengeleg hausten 2024.

FIGUR 3: KORLEIS UNGDOMANE OPPLEV TILBODET DER DEI BUR, UNGDATA.NO



TABELL 29: KOR NØGD UNGDOMMEN ER MED LOKALMILJØET, UNGDATA.NO

	Nøgd med lokalmiljøet
Landet	67 %
<b>Vaksdal</b>	<b>67 %</b>
Osterøy	65 %
Kvam	67 %
Høyanger	59 %

I samband med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i år 2022, arrangerte Vaksdal kommune framtidswerkstad med 10. klasse på Dale skule. Resultata kan bli lest i eigen [medverknadsrapport](#).

Resultat frå verkstaden viser at ungdommen ser positivt på at dei kjem frå mindre bygder med flott natur, nye skular og godt fellesskap der alle kjenner alle. Dei liker aktivitetane og butikktilboda som er i kommunen i dag, og tykkjer det er fint å ha kort veg til toget, samt Bergen og Voss. På den andre sida tykkjer ungdommane at det er lite å gjera i kommunen og ynskjer mellom anna uformelle møteplassar og fleire aktivitetar på fritida. Danse- og strikkekonkurransar, og julemarknad vert nemnt som eksempel på aktivitetar. Det er òg ynskje om fleire sentrumsfunksjonar som kafear og butikkar, noko som òg kan bli knytt til aktivitet og møteplassar.

## Valdeltaking

Vaksdal har tidlegare hatt valdeltaking lågare enn fylkessnittet og lågare enn samanliknbare kommunar. Valdeltakinga for både stortingsval og kommunevalet ligg no over landsgjennomsnittet. Ved kommunevalet i 2023 var valdeltakinga i Vaksdal òg høgare enn kommunane ein samanliknar seg med.

**TABELL 30: VALDELTAING – STORTINGSVAL (PROSENT), SSB:12812**

	2013	2017	2021
Landet	78,2	78,3	77,2
Fylket	80,2	80,9	79,9
Høyanger	76,3	78,4	78,3
Kvam	80,7	81,1	81,4
Osterøy	82,3	81,3	81,1
<b>Vaksdal</b>	<b>79,1</b>	<b>78,6</b>	<b>80,6</b>

**TABELL 31: VALDELTAING – KOMMUNEVAL (PROSENT), SSB:12812**

	2015	2019	2023
Landet	60,2	64,7	62,4
Fylket	-	68	65,2
Høyanger	64,9	66,8	68,6
Kvam	64,6	69,7	70,7
Osterøy	66,7	70,1	68,5
<b>Vaksdal</b>	<b>64,7</b>	<b>68,0</b>	<b>71,4</b>

## Kjønnslikestilling

**TABELL 32: KJØNNSLIKESTILLING I VAKSDAL (SSB:09293)**

Indikatorar	2018	2022
Andel menn blant kommunestyrerepresentantar (prosent)	61,9	52,4
Andel kvinner blant kommunestyrerepresentantar (prosent)	38,1	47,6
Andel menn med høgare utdanning (prosent)	17,3	18,0
Andel kvinner med høgare utdanning (prosent)	25,4	29,5
Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	78,6	77,3
Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	71,5	73,1
Gjennomsnittleg bruttoinntekt, menn (kr)	470 100	565 300
Gjennomsnittleg bruttoinntekt, kvinner (kr)	323 700	388 200
Andel sysselsette menn (20-66 år) som jobbar deltid (prosent)	19,2	16,2
Andel sysselsette kvinner (20-66 år) som jobbar deltid (prosent)	54,2	47,0
Andel fedre som tar heile fedrekvoten eller meir av foreldpegeperioden	68,0	64,8
Andel menn blant sysselsette (20-66 år) i offentleg sektor (prosent)	25,2	23,0
Andel menn blant sysselsette (20-66 år) i offentleg sektor (prosent)	74,8	77,0
Andel menn blant sysselsette (20-66 år) i privat sektor (prosent)	73,5	70,6
Andel kvinner blant sysselsette (20-66 år) i privat sektor (prosent)	26,5	29,4
Andel menn blant leiarar (20-66 år) (prosent)	67,3	63,0
Andel kvinner blant leiarar (20-66 år) (prosent)	32,7	37,0



## **KJØNNSFORDELING, UTDANNING OG INNTEKT**

Samanliknar ein likestillingsindikatorar i Vaksdal (2022) frå tabell 32 med landssnittet finn ein mellom anna:

Kvinneandelen i kommunestyret i Vaksdal er 47,6 prosent, mot 40,5 prosent i landet.

Andelen med høgare utdanning både for menn (18 pts) og kvinner (29,5 pts) i Vaksdal er lågare enn landssnittet for menn (31,7 pts) og kvinner (41,6 pts).

Bruttoinntekta er lågare i Vaksdal enn landssnittet for både menn og kvinner. I 2022 hadde menn i Vaksdal i gjennomsnitt kr. 565 300 i bruttoinntekt, medan landssnittet for menn var kr. 645 800. I 2022 hadde kvinner i Vaksdal i gjennomsnitt kr. 388 200 i bruttoinntekt, medan landssnittet for kvinner var kr. 455 300.

## D) Skadar og ulukker

*Skader og ulukker har sterk negativ verknad på folkehelsa og fører til liding, redusert livskvalitet, og store samfunnsøkonomiske kostnader. Skader og ulukker utgjer ein vesentleg årsak til liding, død, uførheit, sjukefråvær, og allmenn funksjonsnedsetting (Helsedirektoratet, Personskadedata 2022). Ein alvorleg skade i ung alder påverkar helsa resten av livet og gjev mange tapte leveår med god helse.*



## Personskadar behandla i sjukehus

Folkehelseinstituttet har statistikk på personskadar fram til og med 2017. Vaksdal har fleire personskadar som fører til sjukehusinnlegging enn gjennomsnittet for fylket og landet. Mellom 2011 og 2017 har tal personskadar per 1000 halde seg stabilt på nær 14 i landet, 14 i fylket og nær 17 i Vaksdal. Vaksdal ligg og høgare enn kommunane ein samanliknar seg med.

**TABELL 33: OVERSIKT OVER SPESIALHELSETENESTA, SOMATIKK, PERSONSKADAR PR. 1000 INNBYGGJAR, FHI.NO**

	2011-13	2013-15	2015-17
Landet	14,2	13,9	13,7
Fylket	15,5	14,8	14,3
Høyanger	19,2	16,0	16,0
Kvam	14,3	14,6	13,6
Osterøy	13,4	13,5	13,2
<b>Vaksdal</b>	<b>16,5</b>	<b>16,9</b>	<b>16,7</b>

Ulukker er den mest viktige årsaka til dødsfall for nordmenn under 45 år i landet. Born, unge og eldre er oftast råka av ulukker. Menn skadar seg oftare enn kvinner fram til 50 års alder. Med aukande alder blir skadar hyppigare blant kvinner, mellom anna med høg førekomst av hoftebrot.

Norsk pasientregister sin statistikk på landsbasis viser at dei fleste skader som vert av innrapporterte gjeld personar yngre enn 40 år. Den klart dominerande skadekategorien i alle aldrar er ulukkeskade. Skadar på grunn av vald og overfall skjer oftast for aldersgruppa 20-39. Andelen vilja eigenskade er òg størst hjå dei unge vaksne mellom 20 og 39 år. Menn blir oftare skadd enn kvinner. Mest vanlege skadestad er i eigen bustad, medan veg, gate, fortau, gang- og sykkelveg, samt sports- og idrettsområde òg er arenaer for mange skadar. Dei eldre blir oftare skadd i bustad og på institusjon (Kjelde: [Personskadedata 2022](#), Norsk pasientregister).

## Arbeidsulukker

Det finst ikkje offentlege statistikkar over arbeidsulukker på kommunenivå. SSB sin statistikk [10913](#) viser rapporterte arbeidsulukker med dødeleg utfall, etter næring. For landet totalt er det bygg- og anleggsverksemd, transport og lagring, industri og jordbruk, skogbruk og fiske som har flest arbeidsskadedødsfall.

### UTSETT FOR SKADE (SJØVRAPPORTERT) SISTE 12 MÅNADER

I Folkehelseundersøkinga for Vestland 2022 svara 12,1 prosent av kvinner og 17,9 prosent av menn i Vaksdal at dei har blitt utsett for skade (sjøvrapportert) dei siste 12 månadane. Tilsvarande tal for fylket er 16 prosent for kvinner og 19,5 prosent for menn.

## Trafikkulukker

For Vestland fylke gjekk talet trafikkulukker med personskade ned frå 701 i 2012 til 469 i 2022. I Vaksdal var talet trafikkulukker 5 i 2012 og 3 i 2022. Vegvesenet sine [statistikkar](#) syner at det var 17 personskadeulukker i Vaksdal kommune mellom år 2019 og 2022. Av desse var 8 på europaveg, 5 på fylkesveg, 3 på kommunalveg, og 1 på privat veg. Tilsvarande var tala 20 mellom 2018 og 2015, med følgjande fordeling etter vegtype; 15 på europaveg, 3 på fylkesveg, og 1 på kommunal veg.

**TABELL 34: TRAFIKKULUKKER I VAKSDAL, UTVIKLING OVER TID, SSB:10209**

	2020	2021	2022	2023
Ulukker	3	6	3	1
Dødsulukker	0	0	0	1
Skadde i alt	4	9	4	1

**TABELL 35: ULUKKER I VAKSDAL MED ULIK SKADEGRAD, VEGVESEN.NO**

	Dødsulukke	Uluke med hardt skadde	Uluke med lettare skadde	Sum
2022	0	0	3	3
2021	0	3	3	6
2020	0	0	3	3
2019	0	2	3	5
2018	1	1	2	4
2017	0	2	3	5
2016	1	1	3	5
2015	1	0	5	6
2014	1	1	1	3
2013	0	1	4	5
2012	0	0	5	5
Sum	4	11	35	50

**TRAFIKKSikker KOMMUNE**

Både E16 og fylkesvegane i kommunen har vore ulukkesutsette, og fokus på trafikktryggleik har vore ei prioritert oppgåve for kommunen. Vaksdal vart godkjent som trafikksikker kommune i 2016, og regodkjent for tre nye år. Kommunen sin trafikktryggleiksplan for perioden 2022 – 2026 set mål om at kommunen skal vera ein «Trafikksikker kommune». Det inneber innsats frå fleire sektorar. Vaksdal var ein av pilotkommunane i det nasjonale prosjektet med Trafikksikker kommune.

Trygg Trafikk skriv: «Kommunen er ein viktig aktør i arbeidet med å førebyggja trafikkulukker. Både som vegeigar, skule- og barnehageeigar, arbeidsgjevar og kjøpar av transporttenester har kommunen eit viktig ansvar. I tillegg har kommunen ei plikt til å arbeida tverretatleg og systematisk med trafikktryggleik». Kommunen sitt utval for trafikktryggleik i samarbeid med naudetatane arrangerer annakvart år arrangement for ungdom i Vaksdal.

**BARNETRÅKKREGISTRERING**

Barnetråkk er ein metode for å sikre born og unge sin medverknad i kommunalt planarbeid. Barnetråkkregistreringane går ut på at born og ungdom teiknar kva vegar som vert brukt til skulen og i fritida, og kva stader dei liker og ikkje liker, samt kva ynskjer dei har for endring av desse stadane.

I 2022 vart det gjennomført barnetråkkundersøkingar i Vaksdal kommune. Resultata kan bli sett i eige [kunnskapsgrunnlag](#).

## E) Helserelatert åtferd

*Helseåtferd og vanar når det gjeld røyking, fysisk aktivitet, kosthald og alkohol, har stor innverknad på kreft, hjarte- og karsjukdommar, diabetes, kols og psykiske lidingar. Fysisk aktivitet, variert kosthald, ikkje-røyk og redusert alkoholbruk vil gje godt vern og redusera risikoen for utvikling av sjukdomane (Folkehelsemeldinga, Meld. St. 15, 2022-2023).*



## Aktivitet, rusmiddel og risikoåtferd

### TOBAKK

Statistikken frå [FHI](#) viser kor mange prosent kvinner som meldte at dei røykte ved første svangerskapskontroll. Talet på kvinner som røyker har gått nedover, òg i Vaksdal, men kommunen har framleis litt fleire røykarar enn gjennomsnittet til fylket (2018 – tal). Røyking i svangerskapet kan seia noko om røyking hjå kvinner i fertil alder. I følgje Folkehelseundersøkinga i Vestland røyker 11 prosent av menn og 13,4 prosent av kvinnene som svara på undersøkinga i Vaksdal, dagleg. Prosentandelen for kvinner i Vaksdal er høgst av deltakarkommunane i fylket, og prosentandelen menn ligg like bak Høyanger. 825 personar svara på undersøkinga i Vaksdal.

I Ungdata 2021 vart ungdommar i 8.-10. årstrinn i Vaksdal spurt om røykevanar. 3 prosent av dei som svara sa at dei røykte kvar dag eller veke. På landsbasis er det 2 prosent av ungdomane som røyker. Del røykarar i befolkninga er på veg ned, men snus har teke over noko for røykinga. I Vaksdal er det 6 prosent av elevane som har kryssa av for at dei snusar kvar dag eller kvar veke i Ungdata 2021.

### TRENING

27,5 prosent av dei kvinner og 24,2 prosent av menn i Vaksdal som deltok i Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022 svara at dei er fysisk aktive i minst 30 minutt minst 4 dagar i veka. Andelen for alle deltakarane i fylket var 25,6 prosent for kvinner og 23,7 prosent for menn.


Ungdata 2021, figur 5, viser at 56 prosent av elevane på ungdomstrinnet trenar meir enn 3 gonger i veka, medan snittet i landet er 67 prosent. Det er fleire ungdommar som seier dei aldri eller sjeldan trenar, 16 prosent, i landet elles er det 12 prosent. Av dei som trenar minst ein gong i veka er det 82 prosent av jentene, medan det er 78 prosent av gutane.

Flest trenar på eiga hand (spring, sym, sykklar og går tur) eller trenar eller konkurrerer i eit idrettslag.

### MAT

Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022 viser at av dei 825 som svara på undersøkinga et 37,6 prosent av kvinner, og 21 prosent av menn frukt eller bær dagleg. Dette er eit av dei lågaste tala for dei deltakande kommunane i Vestland. Tilsvarande et 52,3 prosent av kvinnene, og 32,8 prosent av menn i Vaksdal grønsaker dagleg. Om lag halvparten av både menn og kvinner i Vaksdal et fisk 2 til 3 gonger i veka eller oftare.

Skulane i Vaksdal tilbyr frukt- og melkeordning. Føresette får tilbod om å melda borna på, men dei må sjølve stå for innbetaling og påmelding. Frukt og melk kjem til skulen, som organiserer utdelinga. Ungdomskuletrinnet har sidan våren 2023 fått gratis smørelunsj 2-3 dagar i veka. Alle skulane i Vaksdal har ein time fysisk aktivitet i veka (5-7. trinn) i tillegg til dei kroppsøvingstimate dei skal ha.



FIGUR 4: KOR OFTE UNGDOMMENE I VAKSDAL HAR SVARA AT DEI TRENDAR, PROSENT, UNGDATA.NO

## ALKOHOL OG RUSMIDDEL


[Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022](#) viser at 23,6 prosent av menn og 16,10 prosent av kvinner som deltok i undersøkinga i Vaksdal drikk alkohol minst 2 til 3 gonger i veka. Snittet for alle deltakarane i fylket var 17,7 prosent for kvinner og 26,3 prosent for menn.

93 prosent av ungdommane som svarta på Ungdata 2021, sa dei aldri har vore rusa på alkohol. I landet elles var det 87 prosent som sa det same. Utviklinga i prosentandel av elevane på ungdomstrinnet som har vore rusa på alkohol i løpet av dei siste åra har gått frå 19 prosent i 2015, 5 prosent i 2017 til 7 prosent i 2021. Det store fleirtalet har ikkje vore rusa i løpet av ungdomsskulen. Prosentandel som aldri har smakt alkohol eller berre har smakt nokre få gongar ligg på 2 prosent på 8. trinnet og 14 prosent på 10. trinn. Det er fleire jenter enn gutar som aldri har smakt alkohol.

5 prosent av ungdommane i Vaksdal svarta at dei har brukt hasj eller marihuana det siste året, og 18 prosent svarta at dei har fått tilbod om hasj eller marihuana det siste året. For landet er tala 4 og 16 prosent i Ungdata 2021.

Det ligg ikkje føre data på bruk av alkohol blant vaksne i Vaksdal, men undersøkingar på landsbasis viser at alkohol blant middelaldrande og eldre er aukande, samstundes som eldre utgjer ein stadig større del av befolkninga.

I følgje KoRus er alkohol utan samanlikning den største utfordringa sett i høve rus og folkehelse. Alkohol medverkar til sjukdom, vald og ulukker, og alkoholforbruket er aukande på landsbasis.



FIGUR 5: KOR MANGE GONGER I LØPET AV DET SISTE ÅRET HAR UNGDOMEN SVARTA DEI HAR VORE RUSA PÅ ALKOHOL, TAL FRÅ 2021, UNGDATA.NO

## RISIKOÅTFERD OG VALD

I Ungdataundersøkinga frå 2021 kjem det fram at 11 prosent har teke varer i butikken utan å betale for seg. 9 prosent har spraya eller tagga ulovleg på veggjar, bygningar, tog og bussar e.l, 11 prosent har med vilje øydelagt eller knust vindauge, bussete, postkassar e.l, og 20 prosent har vore i slåsskamp. Ungdata 2021 viser at ungdom i Vaksdal har fleire som er involvert i ulik grad av regelbrot.

SSB sin tabell 08487 syner anmeldte lovbrøt knytt til vald og mishandling per 1000 innbyggjarar. I perioden 2021 – 2022 var talet 2,3 i Vaksdal, 5,8 i fylket og 6,9 i landet.

## AKTIVITET, MOSJON OG TRENING

I kommunen finn ein idrettslag på Dale, i Vaksdal, Stanghelle, Bergsdalen, Eksingedalen og Stamnes. Desse arrangera ei rekkje treningar, konkurransar/turneringar og turar for både born, ungdom og vaksne.

Det finst mellom anna tilbod om volleyball, badminton, spinning, styrketrening, zumba, idrettskule og utlån av kajakk.

På Dale skule er det eit nytt og moderne symjebasseng i konkurransestorleik. 63 prosent av ungdommane meiner idrettsanlegga i kommunen er bra ([Ungdata.no](#), 2021).

Tal frå folkehelseundersøkinga i Vestland 2022 syner at prosentandelen personar som deltek på aktivitetar kvar veke er lågare i Vaksdal enn i Vestland. Det er fleire kvinner som deltek på annan aktivitet kvar veke i Vaksdal (44,2 prosent kvinner og 32,9 prosent menn), medan det er om lag same andel menn og kvinner som deltek i organisert aktivitet.

**TABELL: DELTAKING I AKTIVITET, PROSENT, FOLKEHELSEUNDERSØKINGA I VESTLAND 2022**

	Vaksdal	Vestland
Deltaking i organisert aktivitet kvar veke	22,4 prosent	24,2 prosent
Deltaking i annan aktivitet kvar veke	38,8 prosent	47,2 prosent




## F) Helsetilstand

*Regelmessig fysisk aktivitet fremjar livskvalitet og god fysisk og psykisk helse, held oss funksjonsfriske og sjølvhjelpete, og vernar mot sjukdom og tidleg død (Folkehelsemeldinga, Meld. St. 15, 2022-2023).*



Vaksdal kommune har mange eldre, mange sjukehusinnleggingar og mange med diagnoser som krev oppfølging frå kommunehelsetenesta.

Framover vil talet eldre gå opp i kommunen for så å auka kraftig fram mot 2045. Eldre er sprekare og friskare enn før, og dei er ressurssterke og kan bidra i samfunnet. Men samstundes veit ein at trong for helse- og omsorgstenester vil auka i takt med tal eldre i ein befolkning. Dette fordi mange sjukdomar og skader oppstår langt hyppigare i alderdomen enn tidlegare i livet, og fordi fleire vil trengja tenester i den siste livsfasa. (Sjå figur under utarbeida av Agenda Kaupang august 2020).



## Nokre diagnoser som krev oppfølging

Folkehelseinstituttet ([fhi.no](http://fhi.no)) har statistikk som viser gjennomsnittleg tal døde per 100.000 innbyggjar i aldersgruppa 0-74 år over ein 10 års periode. Tala viser at det er fleire som dør tidleg i Vaksdal samanlikna med landet og fylket, men tala går ned. Kreft, og hjarte- og karsjukdomar er dei mest viktige årsakene i statistikken.

Vidare vert det vist til nokre diagnoser som krev oppfølging.

## KOLS OG ASTMA

Vaksdal har høgare førekomst av KOLS og astma enn landet totalt med 117,1 per 1000 innbyggjar. Osterøy og Kvam ligg òg høgt, medan Høyanger ligg lågare enn landet og kommunane ein samanliknar seg med. Andelen har vore aukande frå 2012 til 2019, men dei siste åra har utviklinga gått i riktig retning, både på landsnivå og for dei andre kommunane. «Når sigarettøyk, gassar eller svevestøv gjennom fleire år irriterer luftvegane og utløyser kronisk hoste og bronkitt, kan tilstanden utvikla seg til kronisk obstruktiv lungesjukdom (KOLS). Røyking forklarar to av tre tilfelle. Luftureining i arbeidsmiljøet eller utandørs kan også føra til KOLS» (Folkehelseinstituttet).

Kommuneoverlege og fastlegane har auka merksemd på KOLS-problematikk og er i prosess med å systematisera oppfølging av denne pasientgruppa. Ein av dei tilsette sjukepleiarane på legekantoret er godt i gang med utdanning til lungesjukepleiar med særskild fokus på KOLS.

Det er og planlagt systematisk oppfølging på same måte som for diabetes.

## DIABETES 2

Bruken av diabetesmedikament har vore aukande i Vaksdal frå 2014 til 2021, same tendens som resten av fylket og landet.

I følgje Folkehelseinstituttet sine statistikkar ([fhi.no](http://fhi.no)) har Vaksdal høgare prosentdel fødte med høg fødselsvekt (4500 gram eller høgare) enn snittet i landet og fylket. I perioden 2013-22 var prosentdelen 4,2 i Vaksdal, 3,0 i landet og 3,0 i fylket.

**TABELL 37: DIABETES 2 - BRUKARAR AV MEDISIN, 30 - 74 ÅR - PR. 1000 INNBYGGJAR, FHL.NO**

	2014-2016	2015-17	2016-18	2017-19	2018-20	2019-21
Landet	36,3	38,1	39,5	40,8	42,4	46,3
Høyanger	31,8	33,8	36,8	39,2	40	42,1
Kvam	24	24,9	26,2	28,5	33	44,2
Osterøy	31	33,2	35,2	37,3	38,7	42,4
<b>Vaksdal</b>	<b>41,2</b>	<b>42,2</b>	<b>43,5</b>	<b>44,7</b>	<b>45,3</b>	<b>47,4</b>

Kommunelegen presiserer at diabetestype 2 er ein underdiagnostisert sjukdom, der ein del går rundt og har diagnosen utan å få behandling. Difor er auka bruk av legemidlar til behandling av diabetes type 2 i Vaksdal ikkje nødvendigvis negativt. Det er like sannsynleg at fleire tilfelle har blitt oppdaga og diagnostisert. Desse får medikamentell behandling for å få ein velregulert diabetes.

Kommuneoverlege og fastlegane har over år hatt auka fokus på diabetes. Kommunen har eigen diabetessjukepleiar som i samarbeid med fastlegane har systematisk oppfølging av diabetespasientar årleg. Det er og fokus på å fanga opp nye tilfelle og screenar for det.

## KREFT

**TABELL 38: ÅRLEG DIAGNOSTISERT KREFTTILFELLE PR. 100 000 INNBYGGJAR, FHL.NO**

	2007-16	2008-17	2009-18	2010-19	2011-20	2012-21
Landet	637	640	643	645	647	646
Vestland	646	652	656	662	661	662
Høyanger	637	623	644	629	608	620
Kvam	621	626	631	653	635	649
Osterøy	658	672	669	695	701	707
<b>Vaksdal</b>	<b>707</b>	<b>694</b>	<b>697</b>	<b>716</b>	<b>737</b>	<b>743</b>

Talet på nye krefttilfelle er høgare i Vaksdal enn i Vestland og landet sett under eitt.

Medan det på landsbasis årleg vert diagnostisert i underkant av 650 nye tilfelle per 100 000, er det siste oppdaterte talet 662 i Vestland og 743 i Vaksdal. Vaksdal har over lengre tid låge høgare enn både landet, fylket og kommunane ein samanliknar seg med i høve nye krefttilfelle. I Vaksdal er det verdt å merka seg skilnader mellom kjønn på kreftstatistikken. I Vaksdal syner tala at det er 241 fleire menn enn kvinner som fekk diagnostisert kreft per 100 000 innbyggjar (2021), og talet har vore stabilt. I landet og fylket har differansen mellom nye krefttilfelle mellom menn og kvinner gått ned. Tal frå 2021 syner at det i snitt er 92 fleire menn i landet, og 104 fleire menn i fylket som får kreft enn kvinner per 100 000 innbyggjar.

**TABELL 39: KREFT, NYE TILFELLE, DIFFERANSEN MELLOM MENN OG KVINNER**

	2007-16	2008-17	2009-18	2010-19	2011-20	2012-21
Landet	122	118	112	106	101	92
Vestland	145	137	131	122	114	104
Vaksdal	174	232	255	236	259	241

Det er ikkje forska på kvifor Vaksdal kjem høgt på kreftstatistikken, men ifølgje kommuneoverlegen kan det skuldast tilfeldige variasjonar i ein liten populasjon. Det kan òg tenkjast ein samanheng med faktorar som røyking, radon og industri (kjemisk/støvpåverknad frå mjøl og tøy/farge). Lågare sosioøkonomisk statuskan innebera risikofylte levekår i form av arbeidsmiljø, kosthald, røyking og andre levevanar.

## KORONA- PANDEMIEN

I 2020 stengte landet ned, og sidan har det vore fleire smittebølger. Det har vorte brukt mange smittevernstiltak som har hatt betydning for landet, lokalsamfunna og helsetenestene. Folkehelsemeldinga (St. Meld. 15, 2022-2023) beskriv fleire verknadar pandemien har hatt, og vil ha for folkehelsa. Ein av desse er at born og unge har fått avgrensa fysisk undervisning, som påverkar læring, trivsel og psykisk helse.

Det er auka fokus på eventuelle mogelege etterverknader etter både vaksine og sjukdom som følgje av gjennomgått Covid 19 infeksjon. Mykje forskning er no tilgjengeleg, og utgreiing og rehabilitering av long- covid pasientar med symptom som t.d. nedsett konsentrasjon, trøytteleik, hoste er viktig.

## PSYKISK HELSE

Grunnlaget for god psykisk helse og livskvalitet blir lagt gjennom heile livet – i familien, i barnehagen, gjennom skule og utdanning, i arbeidslivet og gjennom deltaking i fritids- og kulturaktivitetar. Arenaer som fremjar aktivitet, meining og tilhøyrse, fremjar òg god psykisk helse og livskvalitet, (Folkehelsemeldinga, Meld. St. 15, 2022-2023).

WHO definerer psykisk helse som ein tilstand av velvære der individet kan realisera sine moglegeheiter, kan handtera normale stressituasjonar i livet, kan arbeida på ein fruktbar og produktiv måte og er i stand til å bidra overfor andre og i samfunnet.

Folkehelsemeldinga (Meld. St. 15, 2022-2023) slår fast at psykiske helseproblem er mellom dei største folkehelseutfordringane i dag. Mellom ein av seks og ein av fire vil oppfylle kriteria for ei psykisk lidning i løpet av eit år. Psykiske lidningar er tre til fire gongar meir utbreidd hos born av foreldre med låg inntekt.


**TABELL 40: PSYKISK HELSE, PRIMÆRHELSETENESTA, BRUKARAR PR. 1000 INNBYGGJAR, 2018-2020, FHLNO**

	Landet	Vestland	Vaksdal	Høyanger	Osterøy	Kvam
<b>0-74 år</b>						
Psykiske symptom og lidningar	160	142	<b>144</b>	103	122	143
Psykiske symptom	109	94	<b>92</b>	73	78	90
Angst depresjon, symptom	62	55	<b>46</b>	48	46	51
Psykiske lidningar	77	68	<b>74</b>	42	60	74
<b>15-24 år</b>						
Psykiske symptom og lidningar	166	152	<b>158</b>	98	145	145
Psykiske symptom	102	90	<b>87</b>	67	84	79
Angst depresjon, symptom	60	53	<b>41</b>	43	47	52
Psykiske lidningar	95	85	<b>94</b>	45	86	91

I Vaksdal er talet på personar som oppsøker primærhelsetenesta for psykiske symptom og lidningar 144 per 1000 innbyggjar (0-74 år). I Vestland er andelen 142 og i hele landet 160 per 1000. Andelen har auka dei siste åra, både i Vaksdal og i landet, medan Vestland har halde seg på same nivå. Andelen er høgast i gruppa unge vaksne (15-24 år).

I ungdattundersøkinga frå 2021 svara 18 prosent av ungdomane i Vaksdal at dei har hatt mange psykiske plagar dei siste sju dagane. Tilsvarende snitt i landet var 17 prosent. Indikatoren er målt gjennom spørsmåla i figuren under. Av andelen som seier dei har hatt mange psykiske plagar dei siste sju dagane er 6 prosent av desse gutar og 28 prosent jenter.

### Har du i løpet av den siste veka vore plaga av noko av dette?



FIGUR 6: SPØRSMÅL OM PSYKISKE PLAGAR, UNGDATA 2021

## Kjelder

Folkehelseinstituttet/ Kommnehelsa statistikkbank

<https://khs.fhi.no/webview>

Folkehelseprofil Vaksdal

[www.fhi.no/he/folkehelse/folkehelseprofil](http://www.fhi.no/he/folkehelse/folkehelseprofil)

Ungdata

[www.ungdata.no](http://www.ungdata.no)

Statistisk sentralbyrå, SSB

[www.ssb.no](http://www.ssb.no)

Utdanningsdirektoratet

[www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole](http://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole)

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/ansattes-utdanning-andel/>

Folkehelsemeldinga (St. Meld. 15 (2022-2023))

[www.regjeringen.no/contentassets/918eb71926fc44c8802fe3c2e0b9a75a/nn-no/pdfs/stm202220230015000dddpdfs.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/918eb71926fc44c8802fe3c2e0b9a75a/nn-no/pdfs/stm202220230015000dddpdfs.pdf)

Statens vegvesen

[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no), <https://trine.atlas.vegvesen.no/>

Folkehelselova

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>

Helsedirektoratet

[www.helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no)

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/systematisk-folkehelsearbeid>

Vaksdal kommune sin medverknadsrapport til samfunnsdelen av kommuneplanen

[Medverknadsrapport](#)

Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022

[Folkehelseundersøkinga - Vestland fylkeskommune](#)

Folkehelseoversikt for Vestland

<https://www.fhi.no/publ/2022/folkehelseundersokinga-i-vestland-2022--framgangsmate-og-utvalde-resultat/>

Fakta om lokale tilhøve er òg henta internt i Vaksdal kommune.

“Morgendagens eldre i Vaksdal – En innbyggerundersøkelse blant 67-75 om forventninger til morgendagens helse- og omsorgstjenester, bolig og teknologi” Utført i 2017 av Senter for Omsorgsforskning Vest i samarbeid med Vaksdal kommune

# Vedlegg 1

## Fritid og aktivitet

### Nokre lag og organisasjonar i Vaksdal kommune

<i>Bygd</i>	<i>Lag og org</i>
Bergsdalen	Bergsdalen Jordbrukslag, Bergsdalen kvinne- og familielag
Dale	Dale Forsamlingshus, Dale Fotoklubb, Dale Jakt- og fiskarlag, Dale og Stanghelle indremisjon, Dale Pensjonistlag, Dale Røde Kors, Dale Røde Kors Hjelpekorps, Dale Røde Kors Omsorg, Dale Seniordans, Dale Ungdomsklubb, Forsamlingshusets venner, Fotalaje, Sandsliane Hundeklubb, Torsdagsklubben, Vaksdal Frivilligsentral, Vaksdal Historielag, Vaksdal Husflidlag, Vaksdal Revmatikarlag, Kunstlaget i Vaksdal, Vaksdal Turlag, Vaksdal pendlarforeining, Dale Musikkforening, Kilden, Dale Mannskor, Fryd, Blanke Messingen
Eidsland	Eidsland Grendalag, Veteranbussklubben, Eidsland Grendahus
Eksingedalen	Bygdaråd, Ekse Grendahus, Grendahuset Ljosheim, Kvinne og Familielag, Grunneigarlag, Stølsvegen Venelag
Stamnes	Stamnes Bygdalag, Skutefolket, Stamnes Babysong, Vetarnklubben, Stamnes Bedehus, Veafjorden Grendalag, Vaksdal og Modalen Hundeklubb, Stamnes AllAktivitetshus, Stamnes Grunneigarlag
Stanghelle	Stanghelle Vellag, Stanghelle Ungdomsklubb, Vaksdal Båtforening, Stanghelle kultur, Kordial
Vaksdal	Vaksdal Vel, Synkens Venner, Stavenes Vellag, Trollkjelen Fotoklubb, Vaksdal Hyttelag, Vaksdal Lag for funksjonshemma, Vaksdal Pensjonistlag, Vaksdal Røde Kors, Vaksdal Røde Kors Hjelpekorps, Vaksdal Røde Kors Omsorg, Vaksdal Ungdomsklubb, Sandvik Vellag, Vaksdal Husflidlag, Vaksdal Indremisjon, Vaksdal Søndagsskule, Vaksdal Fiskarlag, Vaksdal Musikklag, Vaksdal Hagelag

## Idrett

<i>Lag</i>	<i>Faste aktivitetar</i>
Bergsdalen idrettslag	VM i langrenn, Bergsdalen opp, karusellrenn
Dale idrettslag	Fotball senior herrer, damer, Breiddefotball, Handball, Turngruppe, Zumba, Spinning, Svømming
Vaksdal idrettslag	Fotball, Trimgruppe (styrketrening, Zumba), Volleyball, Idrettsskule
Stanghelle idrettslag	Fotball, Turn, Badminton, Stanghelle aktivitetspark, Stanghelle kajakkanlegg, Stanghelle fjelltrim, Spinning.
Eksingedalen IL	Fotball, Styrketrening/volleyball, Langrenn, Turgruppe
Stamnes IL	Knøttetrim, Stamnestrimmen, Aktivitetshus